

Estlands-nytt

Utgitt av Norsk-estisk forening

Nato og EU åpner dørene for Baltikum

Av Jostein Langmyr

November og desember i fjor kom for Estlands vedkommende med viktige historiske begivenheter. På Natos toppmøte i Praha 21.-22. november ble sju land invitert til å slutte seg til Nato. Da EU 12.-13. desember holdt sitt toppmøte i København, ble ti stater godtatt av denne organisasjonen. Estland var med begge steder. Dette var belønningen for iherdige bestrebelser gjennom hele selvstendighetsperioden. Nå skal bare de nasjonale makthaverne ta stilling til om de virkelig ønsker medlemskap. Det kan nasjonalforsamlingen gjøre på egen hånd, men folket blir i det minste spurt til råds når det gjelder EU. Dette bli stort sett oppfattet som en gest uten større betydning, så vi kan regne med å se Estland som Nato- og EU-medlem fra 2004 av. I hvert fall det Nato



Statsminister Siim Kallas (foto: Erik Peinar)

esterne går inn i, er en ganske annen organisasjon enn den de tok sikte på da de innledet strevet for medlemskap. Den gangen bar Nato enda skinn av å være en forsvarsorganisasjon. Nå tegner den seg stadig tydeligere som en USA-dominert aggressiv krigsorganisasjon. Også EU har forandret seg. Det var i prinsippet en sammenslutning av likeverdige stater.

→ 4

Julefeiring og juleskikkar

Av Kristian Bergøy

Sovjetregimet gjorde alt det kunne for å få bukt med jula. I fleire tiår måtte estarane halde jul meir eller mindre skjult. I 1950-åra kunne det få alvorlege konsekvensar om ein blei tatt på fersken i ferd med å markere ei religiøs høgtid. Lærarane vart utkommanderte som vakter ved kyrkjedørene for å passe på at ikkje elevane sneik seg inn. Under Bresjnevs stagnasjonsperiode i 1970- og 1980-åra var det ikkje lenger direkte farleg å feire jul, men anbefalt blei det så absolutt ikkje.

→ 10

Estlands-nytt

Allment tidsskrift for Estlands-interesserte

Utgiver: Norsk-estisk forening

Redaksjon:

Turid Farbregd, Granvågen 14 A 36, FI - 00270 HELSINGFORS,

tlf.: +358 9 477 1 488, e-post: turid.farbregd@kolumbus.fi

Else-Jannike Kuum, Vækerø terr. 10 B 0282 OSLO, tlf. priv.: 22 50 63 86.

Ombrekking og trykking: V&S Trükitööd, Metalli 11, EE 10615 TALLINN,

tlf. og faks: +372 67 20 825.

Redaksjonen avsluttet 15.1.2003. Stoff til neste nummer må være redaksjonen i hende

senest 10.4.2003. Sendes til e-postadressen over.

Annonsepriser: 1/1 side kr 1 200, 1/2 side kr 600 og 1/4 side kr 400.

Av innholdet

Nato og EU åpner dørene	1	Bøker	26
Julefeiring og juleskikkar	1	Husflid	34
Nikolaus frå Stavanger	14	I all vennskap	38
Natur og naturvern	18	Postkassa	41
Minneord	20	Estisk mat	42
Kultur	24	Runesteiner	48

Slik redaksjonen ser det

Her begynner ein ny årgang av dette framifrå tidsskriftet som stort sett får berre ros frå alle kantar. Lesarane anar vel at om dei gir oss eit spark, vil reaksjonen vera konstruktiv: Vis at du kan gjera det betre sjølv!

Dette nummeret inneheld dessverre fleire sørgjebodskapar. Det vart plutselig så mange unnnverlege som me likevel er nøydd til å vera utan. Mest saknar me sjølvsgatt Ivar Otto Iversen som i tillegg til alt anna også var aktiv i tidsskriftredaksjonen. Det var nesten ikkje eit nummer utan at han anten hadde skrive sjølv eller tipsa oss om kvar det var interessant stoff å henta.

Denne vesle spalta står nesten først i bladet, men er naturleg nok nesten det siste som blir skrive. I tilbakeblikk ser me at det kanskje har vorte meir om idrett enn me hadde tenkt oss. Det er faktisk folk som er interesserte i den typen stoff! Samtidig har me t.d. forsømt den levande litteraturen. "Lenge sidan de har hatt gjendiktingar," hørde me av ein poesivenn. Det er mange viktige ting som det er lenge sidan me har tatt opp i spaltene. Lesarane kan melda seg på med stoff.

Husflidsfolk frå Telemark togar no inn med heimestrikka vottar og vakkert sauma bunader i ei spalte som har vore mykje etterspurd. Det har nemleg vist seg at det kvart år går mange busslass med husflidsfolk til Estland. På det feltet har estarar og nordkvinner kunna utveksla erfaringar etter eit likeverdig gi-og-ta-prinsipp. Ingen kan vera lenge utan mat, så med dette nummeret opnar Estlands-nytt ei matspalte. Har du ei god oppskrift å dela med lesarane?

Rask informasjon



Kari Helene Partapuoli

Av og til skjer det noe som kunne vært av stor interesse for NEF-medlemmene. Iblant er det en konsert, iblant norgesbesøk med foredrag av en prominent person fra Estland, osv.

Men foreningen rekker dessverre ikke å informere raskt nok, eller anser at det rett og slett blir for dyrt med en utsendelse via postverket.

Norsk-estisk forening har i frustrasjon over dette besluttet å informere via Internett og tar imot e-postadresser fra alle medlemmer som ønsker å være tilgjengelige for rask informasjon. Medlemmene kan sende e-postadressen sin til postmesteren vår, Kari Helene Partapuoli:

parta@post.tele.dk

Fra lederen i Norsk-estisk forening

Kjære leser!


Så har vi igjen lagt et år bak oss og begynt på et nytt. GODT NYTT ÅR! Etter aktivitetsplanen er den første store begivenheten Estlands nasjonaldag som også i år vil bli markert sammen med Norra-Eesti Selts. Tidligere felles markeringer har vært meget vellykkede, så vi ser alle fram til 24. februar (som vi markerer 22.02.03, se side 47).

En av de helt store i norsk-estisk samarbeid, vår kjære æresmedlem Ivar Otto Iversen, er ikke lenger blant oss. Jeg har kjent Ivar Otto siden april 1990, og i alle disse årene har jeg hatt gleden av å se hans engasjement for Estland, utført med en stil og en entusiasme som en sjelden opplever. Han fremmet de gjennomtenkte ideene sine på en måte som gjorde det umulig å si nei, dersom en ikke ville gå videre med dårlig samvittighet. To samtaler med Ivar Otto førte meg til formannsstolen i NEF der jeg nå har sittet i tre år. Vi er fattigere ved å ha mistet Ivar Otto, men mye rikere som har fått oppleve denne kjempen i norsk-estisk samarbeid. Minneordene om Ivar Otto står side 20 skrevet av et fast medlem i foreningen og en god venn og kollega av Ivar Otto.

Vi har planlagt NEFs årsmøte til 26. mars, men i år vil det bli sendt ut egen innkalling med de vanlige årsmøtepapirene. Det har vært et søkende år, hva skulle foreningsaktivitetene bestå i? Noe synes vi å ha lyktes med, andre ting har ikke slått til, så vi må nok fortsatt være på søket, og gode ideer er det alltid plass for, så få dem fram!

På vegne av styret sier jeg VEL MØTT både 22. februar og 26. mars.

Beste hilsen
Martin Killi.



Nato og EU åpner dørene for Baltikum

fra side 1

Nå viser det seg at av de like er noen likere enn andre. Det har vært tendenser til skille mellom de store og de små. Med den siste utvidelsen blir det også skapt avstand mellom opprinnelige eller tidligere medlemmer på den ene sida og nykommerne på den andre.

Norge var med på å klappe Estland inn i Nato. Estland har ved flere anledninger takket Norge for støtten i begge medlemskapsprosjektene. Viktigst har dette vært når det gjelder Nato der Norge selv er medlem. Vår ambassadør i Tallinn, Per Kristian Pedersen, har også drevet aktiv og åpenlys pro-Nato-politikk. Norges militære østgrense blir den samme som Estlands og Natos østgrense. Og hvordan står det til der? Det ser vi litt på i det følgende. Deretter titter vi litt på EU-avstemningen.

Estlands østgrense

Jeltsin gav ordre om grensemarkering i 1994, og russerne banket rød-og-grønnstripete grensepæler i marka et stykke inne på estisk område. Esterne slo seg til ro med dette, for hva kunne de vel stille opp mot overmakta? For dem var det viktig å lage minst mulig ståhei om østgrensa fordi det kunne skremme både Nato og EU. Grensa mellom de to land er på totalt 338,6 km. Det er tre hovedbaser for overvåking av denne strekningen. De ligger i Jõhvi (76,4 km), Alatskivi (109,2 km) og Võru (153 km). Større utposterings langs grensa er det i Narva-Jõesuu, Narva, Punamäe, Mustajõe, Vasknarva, Alajõe, Ninasi, Omedu, Varnja, Mehikoorma, Värska, Saatse, Piusa og Misso. (Her kan du sjekke om du har et skikkelig kart over Estland, for da finner du disse stedene.)

Russland har sine grensepæler og har i tillegg strukket et enkelt gjerde og markert med ei sandstripe som blir harvet med jevne mellomrom for at alle grensecover-

skridelser skal sette spor. Estland har plassert ut 46 gule varsel-skilt, og ellers unnlatt å gjøre inngrep i naturen, men fra Narva-Jõesuu ved Finskevika til punktet der grensene mellom Estland, Latvia og Russland

møtes, er det plassert en levende grensevakt per kilometer landstrekning. Ute på innsjøen Peipsi går det ei usynlig grense på 124,2 kilometer. Den blir overvåket med radar; og hurtiggående båter blir sendt ut for å gripe grensekrenkerne. De klarer alltid å fange en stakkers fisker med primitivt navigeringsutstyr, men når ikke opp i de hastighetene som skal til for å gripe muskelbåter som boltrer seg i farvannet. Og da er liksom vitsen med vakt-holdet borte.

Vi møter grensevaktens Rainis Oper. Han betaler selv arbeidsreisene sine med ca. 300 EEK måneden for å vokte Estlands grense. Summen er bensinutgiftene når han kjører fram og tilbake mellom hjemstedet i Orav og arbeidsstedet i Saatse sør for Värska. Rainis er en av mange hundre grensevakter som selv bekoster arbeidsreisene til de forskjellige grensepostene.

Tjenestegjøring på grensa er sannelig ingen luksustilværelse. Mannskapet i Alajõe har ett vannklosett og én dusj på deling. I Vasknarva er det bare utendørs gammeldass, og de av gutta som får lyst til å vaske seg, går til elva. Men i meningsmålinger foretatt blant innbyggerne i grenseområdene nyter karene en tillit som overgår den folk har til presidenten. For dem som er bosatt i de avsidene stuen ved grensa, er selv den sparsomme kontakten med grensevaktene en kjærkommen avveksling i hverdagen.



President Arnold Rüütel
(foto: Erik Peinar)

Totalt var det i Estland 9,53 millioner grensepasseringer i 1996. Av disse skjedde 2,8 millioner på grensa mellom Estland og Russland. I 2001 hadde passeringene økt til totalt 12,20 og på østgrensa 3,07 millioner. I 1996 ble 38 ettersøkte personer fanget opp på grensa. To år seinere kunne lovens lange arm slå kloa i 150 ettersøkte personer på østgrensa før tallet begynte å gå sterkt nedover. Hvorfor risikere å bli tatt på et grensepunkt når det fins andre muligheter? Men en viss risiko er det også andre steder enn på kontrollstasjonen. Jevgeni ble i høst tatt for trettende gang på to måneder for ulovlig grenseoverskridelse til den russiske sida. Han har benyttet forskjellige metoder og utvist oppfinnsomhet, som da han krøp på knærne over grensestripa og satte håndavtrykkene oppå hverandre slik at det ble innrapportert passering av trebeint "ukjent dyr".

EU-avstemning

På EUs toppmøte i København i desember ble det besluttet å utvide unionen med ti land. Invitasjon blir sendt til de tidligere kommuniststyrte Estland, Latvia, Litauen, Polen, Tsjekkia, Slovakia, Ungarn og Kypros. Etter at dette var bestemt, kom sjampanjen fram og det ble skålt som om alt var avgjort. Tilslutningsdokumentene skal underskrives i Aten 16. april i år, og da kommer de samme Europas viktige politikere til å skåle igjen for en EU-utvidelse som skal gjelde fra 1. mai 2004. Imidlertid begynner nå i de forskjellige land en seig kamp for å vinne folket for tanken. Kypros er det eneste landet som ikke spør folket til råds. Ungarn som ved utgangen av fjoråret målte 67 % EU-støtte, slår til med folkeavstemning allerede 12. april. Så går det slag i slag utover til Latvia som den siste stemmer 20. september. Størst både med hensyn til areal og folketall (38,6 millioner) er Polen, så mange ser spent fram til folkets meningsyttring der 8. juli.

Tidligere statsminister Andris Berzins i Latvia foreslo at det kunne holdes folkeavstemning i alle de tre baltiske land samtidig. Han pekte ut 23. august 2003 som en passende

dato. Det er nemlig datoen for Hitler-Stalin-pakten der Baltikum ble lagt til sovjetisk interessesfære. Berzins mente at de historiske hendelsene skulle få folk til å velge EU som en garanti for at de ikke blir okkupert av Russland enda en gang. Men EU-motstanderne er for det meste generelt imot unioner uten hensyn til om den er østlig eller vestlig.

Av de baltiske landene har EU-medlemskap klart flest tilhengere i Litauen samtidig som EU-motstanden der er påfallende liten. De usikre vil ikke komme til å få avgjørende betydning, så i Litauen er det derfor egentlig ingen tvil om resultatet av en folkeavstemning. Alt kommer til å gå oppskriftsmessig når regjeringen i Litauen spør folket til råds allerede 11. mai. Det forventete EU-positive resultatet der vil temmelig sikkert påvirke Latvia og Estland og trekke mange skeptikere i retning medlemskap. For dess flere som går inn i unionen, dess mer alene vil den føle seg som eventuelt havner utenfor.

Taktikken ble benyttet ved forrige unionsutvidelse da Østerrike med flest tilhengere skulle stemme før Finland og Sverige. Etter hvert som dominobrikkene falt, skulle også Norge bli dratt med, var planen. Vi får jo aldri vite hva som ville skjedd om avstemningene hadde vært avholdt i omvendt rekkefølge. Norge kunne da hatt avgjørende effekt i hvert fall på Sverige, kanskje også på Finland som ville kvie seg for å skille lag med Sverige.

Den estiske nasjonalforsamlingen vedtok før jul at folket skal få uttale seg 14.



Utenriksminister Kristina Ojuland.

september. Det er for øvrig samme dag som det svenske folket skal ta stilling til den europeiske valutaunionen. I Estland skal de stemmeberettigete si ja eller nei til følgende spørsmål: "Støtter du estisk tilslutning til Den europeiske unionen og endring av Republikken Estlands grunnlov?" Folkeflertallet er ikke bindende for regjeringen.

Debatten i Riigikogu gjaldt blant annet utformingen av spørsmåla som skulle legges fram for folket. Saka ble til slutt avgjort ganske klart med 88 stemmer for og bare én imot det forslaget som ble vedtatt. Den ene stemmen tilhørte **Tiit Toomsalu**, representant for ytre venstre. Han mente det ville vært klarere med to atskilte spørsmål.

Mens de andre partiene forsøker å vise en klar holdning før valget til nasjonalforsamling i mars, så vil ringreven **Edgar Savisaar**, leder for Keskerakond (Senterpartiet), vente til høsten med å tone flagg i EU-saka. Inntil videre er han både for og imot medlemskap. Han har en veldig demokratisk begrunnelse for dette. Når partiet har 8000 medlemmer, hevder han, er han nødt for å vente til etter landsmøtet i sommer med å ta stilling i en så viktig sak.

På fjorårets nest siste dag var Estland klar med en vakker 20-siders ja-brosjyre som skulle informere folket om hva som var oppnådd under medlemskapsforhandlingene og hva en tilslutning ville bety. Samtidig ble det meldt at Latvia hadde avstått fra en liknende kampanje på grunn av omkostningene. Latvia kommer til å ha full oversikt når de for sin del bestemmer seg: Folkeavstemningen skjer i Latvia sist av alle steder, nemlig 20. september.

Estiske aviser unnlater ikke å nevne at Estland skal velge seks representanter til Europaparlamentet, og at hver av disse vil motta en månedslønn på 133 000 EEK. Det er plass for de litt mindre europaentusiastene også. Et stort antall estere vil bli nødvendige i forskjellige stillinger i Brussel for å holde den estiske delen av EUs sentralapparat i gang.

Munisipalt politi i Tallinn

Edgar Savisaar er ein energisk mann. Som ordfører i Tallinn by er han stadig på farten. Før lokalvalet i haust lova han 500 EEK til alle pensjonistar; noko som har skapt lange køar av gamle ved sosialkontora der skjema og søknader skal fyllest ut. Til jul lova Savisaar gratis sauna for dei som hadde vore represserte (dvs. undertrykte) av sovjetregimet. Osv., osv.

Savisaar er no mannen bak planane om å oppretta eigne kommunale politistyrkar for hovudstaden. Han er lei for Keskerakond (Senterpartiet) som i haust fekk reint fleirtal i bystyret. Politiplanane vart lett vedtekne av bystyret. Prinsippet med kommunalt politi vart like før jul også godkjent av Riigikogu (nasjonalforsamlinga) med 40 mot 33 røyster, så no er det fritt fram. Keskerakond er det største partiet i Riigikogu og har regjeringsmakta saman med Reformierakond som er partiet til statsminister Siim Kallas.

Etter lova kan dei lokale styresmaktene oppretta og avskaffa eit ordenspoliti. Det er kommunen som står for organiseringa og finansieringa. Savisaar melde straks lova hadde gått igjennom, at munisipalt politi vil bli oppretta i Tallinn i løpet av 2003.

Opposisjonspolitikarane karakteriserte lova som populistisk. Dei meinte det var lite rasjonelt å ha dobbelt sett av politi. Heller enn å oppretta parallelle organ, ville dei gå inn for effektivisering av det politiet som eksisterer. Somme samanlikna med militsen under sovjetregimet og ottast at ein kommunal politistyrke kunne bli til ein væpna bande i hendene på eit bestemt parti. (olm)

Lokalvalg i Estland

Det var lokalvalg i Estland 20. oktober. Det nye partiet Res Publica fikk stor oppslutning over det ganske land så en nesten ble fristet til å kalle det et protestvalg. Res Publica hadde suksess på bekostning av gamle velkjente Fedrelandsforbundet og De moderate som f.eks. ble feid ut av bystyret i Tallinn. De hadde ikke gjort seg skyldig i noe spesielt graverende, så velgerne må rett og slett ha vært lei av de samme ansiktene på tv-skjermen og i avisspaltene.

Res Publica hadde i valgkampanjen forsøkt å skape en image av ærlighet og ubestikkelighet. Det skulle de ha forutsetninger for med tidligere riksrevisor **Juhan Parts** som leder. Dette skulle være partiet som var annerledes. Om det var et element av protest i valget, så kan en si at en stemme for Res Publica var en stemme mot Senterpartiet. Men ikke før var valget over, så gikk nettopp Senterpartiet og Res Publica sammen om å velge ordfører i Kohtla-Järvi, nemlig en representant for Senterpartiet. Ikke nok med det, men den utpekte kandidaten til dette vervet var anklaget blant annet for korrupsjon og er under politietterforskning. Dette har vært den største politiske skandalen i Estland i høst; en stygg plett på ryktet til partiet som markedsførte seg som et alternativ til korrupsjonen.

Senterpartiet til **Edgar Savisaar** og Reformpartiet til **Siim Kallas** dannet

regjeringskoalisjon i januar 2002. Det skulle en trodd var nok til å sikre nederlag i kommunevalget. Faktisk har det ikke skjedd noen katastrofe etter at den nye koalisjonen tok over. Den har stort sett høstet fruktene av arbeidet til treparti-regjeringen som den etterfulgte. Det de tidligere kritiserte i sterke ordelag som feil politikk, er stort sett blitt deres egen. Derfor har de partiene som måtte vike, ikke noe sterkt grunnlag for angrep; det er et stykke på vei deres egen politikk som blir realisert av nye partier.

Mart Laar gikk 8. januar 2002 av som statminister. Etter valgnederlaget i oktober gikk han også av som partileder og ble erstattet med **Tunne Keelam**. **Andres Tarand** som lenge ledet De moderate, var allerede tidligere etterfulgt av **Toomas Hendrik Ilves**. Den samme Ilves var utenriksminister i Mart Laars treparti-regjering og spilte i flere år en sentral rolle når det gjaldt å løse Estland i retning av Nato og EU. Før valget i oktober hadde Ilves ligget på toppen av tabellen over de mest populære politikerne i landet. At både Ilves og partiet fikk så real stryk, var en sensasjon. Også han tok konsekvensen av motvinden og ble etterfulgt av **Ivari Padar** med bakgrunn blant annet som tidligere landbruksminister. Han ble partileder på et tidspunkt da partiet hans lå under 4 % i oppslutning – det som er terskelen for å bli representert i nasjonalforsamlingen. (jl)

Prikkbelastning

Estland innførte et system med prikkbelastning for sjåfører. **Indrek Sabul** følte seg urettferdig behandlet da han etter tre bøter fikk førerkortet inndratt for et år. Han hadde kjørt uten sikkerhetsbelte og fått 300 EEK i bot. En annen gang hadde han glemt å sette på nærlyset da han kjørte om dagen. Det ble 360 kroner i bot. Endelig var han grepet i å snakke i mobiltelefonen under kjøring, 1800 kroner i bot.

Politiet blir hver dag oppringt av folk som føler seg altfor strengt straffet. Halmstrået for Indrek Sabul er at politiet kan hevdes å ha gjort en feil når de ikke advarte ham etter bot nummer to. (ay)

Valg til nasjonalforsamlingen

Det er i Estland registrert 19 partier som har rett til å stille kandidater ved valget til Riigikogu (nasjonalforsamlingen) 2. mars i år. Fristen for å stille kandidater går ut 16. januar. Forhåndsstemmegiving blir arrangert 24.–26. februar.

Ved lokalvalget i oktober var det i tillegg til Fedrelandsforbundet og De moderate enda en stor taper: russernes partier. Utviklingen ser ut til å gå raskt i retning av felles partier for de etniske befolkningsgruppene. De to partiene i regjeringskoalisjonen ser begge fortsatt et stort velgerpotensiale i de russiske velgerne. Hvilke midler har de når de vil lokke ikke-estere til seg? Først og fremst er det fullt estisk statsborgerskap som det hittil har vært knyttet forskjellige krav til. Statsborgerskap i det selvstendige Estland fikk forenklet uttrykt de som var statsborgere før den sovjetiske okkupasjonen, eller de hvis foreldre eller besteforeldre var statsborgere på det tidspunktet. Andre kan få statsborgerskap etter å ha bodd en viss tid i Estland og etter å ha klart en prøve i estisk språk- og samfunnskunnskap.

Nå blir den såkalte "nullvarianten" drøftet på nytt. Representanter for regjeringspartiene har uttalt velvilje overfor den tanken at alle som var bosatt i Estland da landet ble selvstendig, de skal kunne bli estiske statsborgere uten testing verken av språkevnen eller andre estlandsrelevante kunnskaper. Særlig Fedrelandsforbundet ser dette som en uthuling av nasjonalstaten som var en hovedhensikt med hele løsrivelsen. Dermed ser det ut som et hovedtema i valgdebatten blir de estiske språklige og kulturelle verdiene versus de ikke-estiske. Vi kan da samtidig spørre om et EU-medlemskap vil styrke eller forfalte, for ikke å si utradere, de estiske verdiene og det estiske særpreget. (jl)

Alkohollovgivningen

Over flere år har det vært forsøkt å stramme inn og redusere salget av alkoholholdige drikker. Fra 1. september ble det forbudt å selge alkohol i kiosker og liknende steder. Hensikten var først og fremst å gjøre alkoholen mindre tilgjengelig for mindreårige.

Dette var vel og bra. Men allerede før loven trådte i kraft, kom den nye koalisjonen mellom Senterpartiet og Reformpartiet med et lovforslag som skulle få flasker og bokser tilbake på hyllene igjen. Av hensyn til de næringsdrivende, het det. Alkoholomsetningen var en del av estisk næringsliv, og mange familier ville ikke klare seg uten disse inntektene! Så da så. Heldigvis reiste det seg en så sterk opinion mot kioskalcohol at forslagsstilleren fant det best å trekke forslaget uten realitetsdebatt i nasjonalforsamlingen. Til og med ungdommen selv ønsket å bli vernet mot alkoholflommen. Det fins med andre ord lyspunkter.

Statistikken viser med tunge tall at det gjennomsnittlige forbruket i Estland per år er på ca. 8,5 liter rein alkohol. Dette tallet er basert på det som blir solgt over disk. I tillegg kommer smuglerbrennevin og hjemmebrent. Og parfyme! Mang en mann har tømt konas eau d'cologne-flaske. Tolletaten kan bekrefte at det har vært en eksplosiv økning i importen av duftende væsker, 528 391 kilo bare fra januar til september. Disse kan ha en alkoholprosent på 70–75, men er ikke klassifisert som drikkevarer og derfor fritatt skatten som gjelder alkoholdrikker og blir ikke omfattet av salgsrestriksjonene. I kiosken får du ei stor flaske velsmakende ukrainsk parfyme for bare seks-sju estiske kroner. Estland har kanskje den mest velduftende bomsen i verden? (ab)

Sovjetagent dømt

Sovjets hemmelige agent, **Juri Karpov** (81) ble 31. oktober 2002 av en estisk domstol dømt for forbrytelser mot menneskeheten, begått i stalinperioden. Retten fant Karpov skyldig i medvirkning til deportasjon av 41 estere som i 1940-åra ble sendt til Sibir. Blant de deporterte var det også flere barn. Estiske familier ble arrestert som fiender av kommunistregimet, og ifølge anklageren sendte Karpov dem i godsvogner 2000 kilometer bort fra hjemstedet.

På grunn av høy alder ble Karpov bare idømt åtte års betinget fengselsstraff og 3700 EEK i bøter. Selv bedyret han sin uskyld og hevdet at det var ubegripelig hvordan underskrifta hans hadde havnet på deportasjonspapirene. Han appellerte til høyere rettsinstans, men endelig dom, som falt like før jul, ble stående uforandret.

I Kuressaare på øya Saaremaa ble det i november innledet en ny rettssak mot personer som deltok i deportasjonene av uskyldige estere. Med åtte personer tiltalt er det den største rettssaken av dette slaget i Estland, og den største i det tidligere Sovjet. Flere av de tiltalte har i retten forsvarsadvokater fra Russland. Rettssaken kommer ikke til å bli gjennomført i hele sitt omfang, for flere av de tilraskomne mennene har helseproblemer. De er født i tidsrommet 1921–27. Allerede da rettsforhandlingene begynte, var det tre forfall. Problemer blant annet med helse fikk rettsformannen, Kristel Pedassaar, til å avbryte prosessen etter et par uker. Forhandlingene skal tas opp igjen i slutten av januar 2003.

I henhold til paragrafen om forbrytelser mot menneskeheten ble det i 1999 opprinnelig innledet straffesak mot 12 personer. Av disse er tre allerede døde mens en fjerde ikke er mentalt frisk nok til å stilles for retten. For de gjenværende åtte har politiet samlet inn et materiale bestående av 59 tjukke mapper som ankom rettslokalet. Selve anklagen er med sine 300 sider som

en hel roman; i alles påhør leste anklageren den innledningsvis opp i rettsalen.

I mars 1949 ble mer enn 20 000 estere skyssset av gårde til forskjellige deler av det store Sovjet. De åtte som nå blir tiltalt, skal være ansvarlige for deportasjonen av over 400 mennesker fra Saaremaa. Ikke bare har de anklagete nådd en anseelig alder. Et halvt tusen mennesker er innkalt som vitner eller offer, og de er ikke lenger i sin ungdoms vår de heller, som en vil skjønne. Også dette tallet har skrumpet sterkt inn på grunn av død og alderdom.

Saaremaa var blant de første fylkene som innledet straffesaker mot de ansvarlige for deportasjonene. I 1996 ble Vassili Riis anklaget for å ha fått 1026 estere arrestert eller deportert uten lov og dom i 1941 i forbindelse med de første store deportasjonene. Rettssaken ble ført med mange avbrudd inntil den ble stanset for godt på grunn av den dårlige helsa til Riis. Noen måneder seinere døde han. Etter den tid har det ved forskjellige domstoler rundt omkring i landet vært reist straffesak mot ti personer for forbrytelser mot menneskeheten. Med anklagene er det forsøkt å stille noen av de verste forbryterne for retten. Politi og domstoler har ikke kapasitet til noe mer enn det.

Som kjent innrømmet Tyskland skyld og har betalt erstatninger til offer for nazismen. Nå er det mange som retter blikket mot stormakten i øst. Røde Kors begynner i 2003 å samle inn erstatningskrav fra kommunismens offer i Estland. Den estiske regjeringen har erklært at den støtter Røde Kors i dette arbeidet. Ved å samarbeide med Røde Kors, håper regjeringen å unngå at Russland stempler virksomheten som politisk og avviser kravene på et slikt grunnlag. Det er ingen presedens fra andre land å vise til, men vi kan jo tenke oss at om esterne vinner fram med sine krav, så vil kravene strømme inn til Russland fra mange kanter. (jl 30.12.02)

Julefeiring og juleskikkar

fra side 1

Rødt er for oss stemningsskapar, gladfargen som viser igjen. Aldri ser vi så mye rødt som i jula. For estarane betydde rødt Sovjet, sosialisme, okkupasjon og undertrykking. Då jula etter kvart vende tilbake som ei stor høgtid, var det grønt og gull som dominerte. No har det gått så lang tid at rødfargen får innpass. Det ville vore temmeleg umulig å halde den ute, for julekommersialismen er internasjonal. Estland har vald marknadsøkonomi og får ta den røde konsekvensen av det.

Ofte blir det understreka at jula er ein familiefest. Folk feira så godt dei kunne i løynd, rigga opp eit juletre, åt julemat, gav kvarandre julepresangar osv. Husmødrene fekk til underverk når det galdt å skaffe det som trøngst til eit tradisjonelt julaftansmåltid på det som oftast var ein heilt vanleg kvardag. Kyrkjene blei også flittig besøkte, ikkje bare av religiøse årsaker, men også som ein politisk protest. Ettersom mange kyrkjer var øydelagde eller tatt i bruk til museum o.l., oppstod det under okkupasjonen akutt kyrkjemangel i jula slik at i byane var det vanleg med fleire gudstenester etter kvarandre for å gi plass til flest mulig.

Julefeiringa gjekk for seg i heimane, gjerne med gardinene trekte tett for. Store utskeiingar var det ikkje tale om, blant anna fordi neste dag normalt var skoledag for barna og arbeidsdag for foreldra. Under Gorbatsjov blei forholda friare, og i 1987 blei jula feira heilt openlyst. Allereie året etter blei det innført ein offisiell fridag i samband med denne største høgtida i kyrkjeåret.


No er alt normalisert med juletre, nissar, englar, lys osv. alle stader. Normalisert også på den måten at kyrkjebesøket er på veg nedover igjen. Faktisk undrar ein seg ikkje over dette om ein t.d. opplevde hovudgudstenesta i Kaarli kirik i Tallinn no på julaften 2002 der sjølvaeste erkebiskop

Jaan Kiivit preika. Noko så drepende kjedeleg skulle ein ikkje tru det var mulig å servere for moderne menneske. Presidenten var til stades. Fjernsynet likeså. Kamerafolka foreviga gamle menneske som ein kunne tenkje seg hadde opplevd litt av kvart og derfor heldt ut dette også. Dei sat med gledeslause uttrykk endå om Guds son var komen med frelse, og dei barna som hadde sloppe inn, geispa så kjeften nesten revna. Dei har full forståing frå vår side.

Gammaldags jul

Dei gamle juletradisjonane gjekk tilbake til den estiske landsbygda og bondekulturen. Jula markerte vendepunktet då det begynte å gå mot lysare tider igjen. Det var eit tidspunkt verd å markere ganske ettertrykkeleg. Det heile begynte *toomapäev* (tomasmesse) 21. desember då alt skulle vere reint. Det typiske estiske bondehuset (*rehielamu*) var ganske stort, men den største delen var utan oppvarming og tente som redskapsskjul o.a. Bare i den eine enden av den lange bygningen var det røykstue og kammers for bonden og familien hans. Dei gamle husa var temmeleg sotete, så det gjorde sikkert godt å skrubbe skikkelig både her og der.

Eit symbol på møkka som skulle ut, var halmdokka *Tahma-Toomas* (Sot-Tomas) som kunne vere i nesten naturleg storleik. Dokka blei laga i ei av bondestuene og gjømt hos ein av naboane i grenda. Når naboen fant dokka, gjømte han den like



Estisk bondehus



Julestemning på Rådhusplassen i Tallinn.
Foto: Ain Aavik

eins i eitt av bondehusa. Det var som eit slag svarteperspel for vaksne. Tapt hadde den som nyttårsdagen fann Sot-Tomas på garden sin. Huset hans kom resten av året til å vere det skitnaste i heile grenda, same kor flittige gardsfolket var med skurekosten.

På julaften skulle ein gå i julesauna mens det enno var litt dagslys. I den halvmørke saunaen heldt julegås til. Den nappa etter barna med den treete nebben. Vanlegvis var det eit kvinnfolk frå nabogarden i rolla som julegås og med eit par trestykke til nebb så ho kunne knipe litt borti nokre av dei som ikkje passa seg.

Det var viktig at det framleis var varmt i saunaen når badinga var slutt, og at det stod vaskevatn klar. Når menneska gjekk, overtok nemleg dei døde som til visse tider vende tilbake til dei tidligare bustadene sine. Dei visste å verdsette eit skikkelig laug. Og dei kom også inn i stua. Det var på grunn av desse åndene at menneska julenatta sov i halmen på golvet. Dermed var alle sengene ledige for dei heimvende avdøde. Bordet stod dekkja heile julenatta så dei døde kunne få noko å ete. Rundt omkring i stua hang det uroer av halm der åndene til dei døde kunne sitte og gyngje.

Julekvelden og førstedag var ei tid for oppbygging. Det blei lese i Bibelen, folk song salmer. Den einaste staden det sømde seg å gå, var i julekyrkja der det var gudsteneste både julekvelden, førstedags morgen, andredagen og tredjedagen. Dei to

første var dei viktigaste. Til kyrkja drog alle i finkleda sine. Sjølv om det var kort veg, drog alle med hest så sant dei hadde noko å spenne for sleden. Somme stader gjorde hestekaren ein kross med venstre foten framfor den forspente hesten, andre stader med eit stykke kol i botnen av sleden. Dette var til vern mot vonde makter. Til kyrkja kjørte alle stille og verdig, men heim igjen gjekk det så det skrall i dombjøllene, for den første heime i grenda kom til å få den beste avlinga til sommaren.

Blant julegjestene var det også utkledd menn/gutar og kvinner/jenter som drog frå gard til gard. Svært vanleg var det å kle seg ut som dyr, og då var *jõulusokk* (julebukken) mest populær. Somme viser til dei bukkane guden Tor kjørte med og meiner skikken var av nordisk heidensk opphav. Det skal vi ikkje uttale oss om her; i staden rår vi deg til å lese Olav Bøs bok *Vår norske jul*, 1974. Vi nemner også at det å kle seg ut som bukk i jula var godt kjent blant kviterussarane. I Estland kunne skikken vere den at ein mann utkledd som bukk kom til gards med eit ris i beltet. Han hørte barna i lesing og annan lærdom. Bukken var vanskeleg å tekkast og måtte underhaldast med dikt og godbitar. Ein fornøgd julebukk kunne gi små gåver til barna og betydde lykke for heile huset.

Julematen

Noko av det viktigaste med jula var maten. For folk som levde i fattige forhold, var jula eit sjeldant høve til verkeleg å godgjøre seg. Til kvardags drakk folk vatn, til jul hadde alle øl. Til kvardags var det brød og graut, i jula var det pølse og kjøttmat. Til kvardags var det nok bare av dei grunnleggjande matvarene som brød og poteter. Den beste maten blei ved bordet delt ut av husbonden eller av matmor, og det skjedde ikkje etter demokratiske prinsipp. Kjøtt var så pass kostbart for vanlege folk at det blei skore i tynne skiver eller små stykke og gitt helst til menn med tungt arbeid. Barna var

for det meste bare tilskuarar når kjøttbitane blei utdelte. Men i jula var det ein annan dans. Då bogna matbordet av godsaker, og ingen nekta nokon å forsyne seg ein gong til. Kor fantastisk dette var, kan kanskje bare den forstå som vanlegvis får ete tilstrekkeleg, men aldri ete seg riktig mett.

For dei fleste estarane er blodpølsa det aller viktigaste på julebordet. (Kanskje lesarane kan hjelpe oss med oppskrifta til eit seinare nummer?) Frå øya Muhu seier rett nok tradisjonen at øybuane ikkje var blodtørste og derfor nøyde seg med grynpløse. Også andre typar pølse blei laga anten i staden for eller i tillegg til blodpølsa. Det galt å ta vare på grise-tarmane så ein hadde noko å lage pølse av. Ettersom ein ikkje fekk tak i tarmane utan å slakte grisen, så var det gjerne litt grisekjøtt på matbordet. Labbar, hovud og anna blei til sylte, noko som den dag i dag skal stå på eit estisk festbord. Den er også prøvesteinen og ein viktig målestokk for kor flink matmor er som kokk. Kan ho lage ordentleg sylte?

Juletreet og julenissen

Juletreet (*joulupu*) skal ha kome frå Tyskland. Via den baltisktske adelen kom juletreet til Estland midt på 1800-talet. På dei store herregårdane blei det feira jul etter tysk mønster med julegran i storsalen. Det var vanleg at barna til godsfolket og tenarane vart inviterte; dei kunne bli slepte heilt inn i salen der dei song for godsfrua. Etter song og deklamering delte godsfrua ut gåver og søtsaker til barna. Men størst inntrykk på barnesinnet gjorde sikkert det pynta treet med glitter og lys. For å glede barna begynte bøndene også å hente heim juletre frå skogen. Til å begynne med blei det ofte hengd opp i taket, for golvet var jo dekt med fersk halm. Ei seinare oppfinning var det å bore eit hol i benken og sette juletreet der. Til slutt sigra juletrefoten som gav mange utveggar til plassering. Og juletreet fekk stå til *nuudipäev* 7. januar, dvs. minnedagen for den danske St. Knud

som, etter det Olav Bø fortel, har fungert som juleavslutningsdag over heile det nordiske området.

Også julenissen (*jõuluvana*) kom til Estland via baltisktskarane. Den gjorde inntoget sitt i byane ein gong på 1800-talet. Det skulle gå hundre år eller meir før han fekk den røde gensen og den vennlege framtoninga. Til å begynne med budde ikkje julenissen nokon bestemt stad, men alle visste at han kom nordfrå. Den amerikanske nissen bur som kjent på Nordpolen og der heldt like eins den russiske frostnissen til. I våre dagar har den finske propagandaen vore så effektiv at estiske barn veit at nissen heilt sikkert bur på Korvatunturi i finsk Lappland. I sovjet-perioden kom det mye ettertrakta jordisk gods frå Finland. Kvar finne med venner sør for Finskevikka var som ein julenisse kvar gong han kom på besøk til dei som stort sett mangla alt. Å plote inn nissen på det finske kartet har derfor ikkje vore noko problem. For estiske barn kjem nissen til å bu på Korvatunturi så lenge det er eit godt forhold mellom Finland og Estland.

Nissen deler ikkje ut presangar utan motyting. Det er heller ikkje nok å vere snill heile året. I den avgjørande stunda under gåveutdelinga må ein vere klar til å synge ein song, lese eit dikt, stå på hovudet eller kva som helst som krev litt innsats. Sååå får ein presangen og kan med god grunn syns at ein har fortent den.

Julepost

Gamle julekort var romantiske med idylliske julemotiv, lykkelege familiar, glade barn, blide englar, glitter og stas. Men sovjetregimet kjende ikkje fenomenet julepost. Ikkje var det eigentlege julekort å få kjøpt heller. Det var naturleg nok når det ikkje var jul! Nyttår hadde ein derimot lov til å feire openlyst, offisielt og i stor stil, det var akseptert av Moskva. Nyttårskort kunne bli julekort om ein sende dei tidleg nok. Bortsett frå englar og bibelord var det ikkje alltid så stor skilnad. Vakre vinterlandskap

kunne vere gode nyttårskortmotiv. Og alltid hadde ein den utvegen at ein kunne lage korta sine sjølv. T.d. grafikkarar og andre kunstnarar laga gjerne så vakre kort at dei heng inneramma rundt omkring i heimane.

No har eit sjølvstendig estisk folk kunna feire jul temmeleg uhemma i fleire år, og dette gir seg mange utslag. Juleposten har vakse seg voluminøs. Men postverket har kapasitet til meir og har prøvd å stimulere til flittigare kortsending ved å innføre spesialtakstar i desember. Frimerke med julemotiv kom no i verdiane 3,60 for innanlands julehelsing og 6,50 som er taksten for normal post til europeiske land. Motiva var eit kvitt lam i snøvær med stor rød sløyfe om halsen, og ei lita gran med snø på greinene. I fjor galdt den vennlege ordninga med lågare portotakstar i tidsrommet 16.–31. desember. Julaften fell på same dato i Baltikum som andre stader, så det får vel vere grenser, meiner kan hende lesaren.

Vi skal ikkje gløyme at det er to kulturar i Estland. Billigare porto skulle ikkje bare tilfredsstille estarane som på den måten fekk rabatt på juleposten sin. Russarane har lange tradisjonar for nyttårsfeiringa, og dei blir ikkje diskriminerte. Eller blei dei diskriminerte likevel i dette stykket? Når estarane talde opp sende og mottatte julekort og fann ut kven dei hadde glømt i første omgang, så rakk dei framleis å sende nyttårskort til redusert pris. Russarane derimot kunne ikkje gjøre opp status for korta sine før portoen hadde gått opp igjen.

Teksten her blei skriven før vi fekk vite at Ants Viies på seinhausten gav ut ei bok med tittelen *Meie jõulude lugu* (Historia om jula vår). Boka blei i november av Kultuurkapital premiert med ein pris på 10000 EEK. Vi gratulerer! Når vi har skaffa oss boka, kan vi avgjøre om vi skal ta opp juletemaet på nytt i eit seinare nummer.

I estisk jord



Aleksander Warma, statsminister i Estlands eksilregjering

St. Petersburg (1933–38), så ambassadør til Litauen (1938–39) og deretter til Finland. Denne stillinga tiltrådte han dagen før vinterkrigen brøt ut. Virksomheten på ambassadørposten ble avskåret av Sovjet i august 1940. Finnene var selv i en trengt posisjon og så seg i 1944 nødt til å kreve at Warma skulle reise fra landet. Han drog til Sverige der han sammen med andre eksilestere deltok aktivt i selvstendighetskampen. De dannet en estisk eksilregjering i Stockholm og Warma satt i perioden 1953–62 som utenriksminister. Etter noen måneder som visestatsminister ble han fra 1963 til sin død statsminister i eksilregjeringa samtidig som han ivaretok presidentens oppgaver.

Urnene til Aleksander og kona Marta Warma ble overført fra Höglid kirke i Stockholm og ved en høytidelig seremoni nedsatt på gravlunden Metsakalmistu i Tallinn 25. august i fjor. Erkebiskop Jaan Kiivit ledet seremonien i nærvær av blant andre president Arnold Rüütel som talte ved grava. (il)

Nikolaus frå Stavanger

Ein estisk munk på 1100-talet og forteljinga om korleis Estland vart kristna.

Artikkelforfattaren, Bård Eirik Hallesby Norheim, er fødd 1973 på Hamar og oppvaksen på Os i Hordaland. Han drog første gongen til Estland sommaren 1992 då han budde eitt år i Tallinn saman med to andre norske ungdommar. Dei arbeidde som frivillige etter invitasjon frå Estisk KFUK-KFUM. Norheim var med på å starte opp ten sing-rørsla i Estland. Han har også seinare budd fleire periodar i Estland. I snart fire år har han no vore barne- og ungdomsprest i Nordstrand kyrkjelyd i Oslo.

Kona, Kjersti Gautestad Norheim, er også snart ferdig prest, og saman planlegg dei å flytte til Estland hausten 2003. Dei har fått invitasjon til å arbeide som prestar i den evangelisk-lutherske kyrkja i Estland og utvikle ungdomsfellesskap i kyrkjelydane. Dei vil arbeide både med undervisning på Usuteadusinstituut i Tallinn og med ulike pilotprosjekt i kyrkjelydar og prosti.

Bård Norheim studerte estisk som fjernstudent ved universitetet i Uppsala og tok eksamen i estisk A og B våren 1996. Teksten om Nikolaus er eit samandrag av eit større arbeid levert våremesteret 1999 som del av estisk C. Rettleiar var dosent Raimo Raag.

Krosstog eller norsk munkemisjon? Strid om den estiske kristningshistoria.

På Moster i Hordaland var det i 1995 stor feiring av tusenårsjubileet for den norske kyrkja. Mellom dei prominente gjestene var den estiske erkebiskopen Jaan Kiivit. Jubileet på Moster markerte at det var 1000 år sidan kong Olav Trygvasson fekk i stand den første messa på norsk jord. Jubileet utløyste ny interesse for historia om korleis Noreg vart kristna. Klimaks i den historia blir gjenfortalt på Stiklestad kvar sommar.

Soga til Olav den heilage (Olav Haraldsson) og etterverknadene av livet hans er samtidig historia om Noregs religiøse og nasjonale samling. I Estland er ikkje kristninga knytt til ein nasjonal helgen eller konge. Tvert om har kristningssoga der lenge vore presentert som forteljinga om korleis Estland vart erobra, først av tysk-ætta sverdmisjonærar og feltherrar på 1200-talet, seinare av det russiske tsardømmet på slutten av 1800-talet i form av t.d. tvangsdåp og overgang til den russisk-ortodokse kyrkja.

I sovjettida vart kristninga gjerne skildra som eit blodig krosstog leidd av tyske

feltherrar som invaderte Baltikum. Ei alternativ forståing var å sjå på Estland som russisk-ortodoks landområde fordi sovjetarane meinte å kunne prove at dei første misjonærane var ortodokse munkar. Patriarken i Moskva og øvste leiar for den russisk-ortodokse kyrkja, den estiskfødde Aleksej II, hevdar noko slikt i doktoravhandlinga si. Tesen skulle m.a. ha støtte i kunnskapen om at festninga Jurjev (no Tartu) etter år 1030 ei tid betalte skatt til Novgorod.

Fleire av dei estiske historieskrivarane som drog i eksil på grunn av sovjetokkupasjonen, prøvde å legge fram alternativ til desse stereotypene. Sentralt står tibindsverket til Arthur O. Vööbus, *Studies in the history of the Estonian People*, der det blir presentert eit noko anna bilete av kristninga. Eksilestaren Paul Johansen, som levde ein stor del av livet sitt i Sverige, har også gitt bidrag til denne historieskrivinga.

Då eg hadde budd nokre år i Tallinn og opplevd litt av den postsovjetiske perioden, fatta eg interesse for kristninga av Estland. Denne interessa vart styrkt då det viste seg at mange av dei første spora etter ein "alternativ" historisk gang gjekk tilbake til norsk mellomaldersoge. Særleg gjorde eg funn i spreininga av tradisjonen og kulten

kring Olav den heilage. Nokre av desse spora, eller kjeldene, har vore kjende for estiske historikarar som Vööbus og Johansen, medan andre kjelder ser det ut til at dei ikkje har kjent til. Eg gav meg difor ut på leiting etter eit spennande stykke mellomaldersk misjonshistorie, nemleg historia om kristninga av Estland.


Det første sporet fann eg i det latinske mellomalderskriftet *Passio et miracula beati Olavi* (Lidingssoga og undergjerningane åt den heilage Olav). I ei av forteljingane står denne innleiinga: "To unge menn frå Estland, som nyst hadde vorte omvende frå vantru til tru, kom til kyrkja åt den heilage Olav martyr og ville be. Dei fortalde om nokre strålende under som den heilage martyren Olav hadde late henda i dette heidninglandet, slik at folk skulle verta meir huga på å ta trua."

Skriftet *Passio Olavi* vart, ifølgje den norske omsetjaren Eiliv Skard, sett opp som litterært verk mot slutten av 1100-talet. Dette er interessant fordi dei eldste skriftlege kjeldene ein hadde kjennskap til eller tilgjenge til når ein skulle skriva historia om kristninga av Estland, var skrifter frå 1200-talet. Desse skriftene omtalte også hovudsakleg hendingar frå 1200-talet. Kunne det tenkast at kristninga av Estland hadde andre element enn dei illgjette krossferdene?

Nyfiken på dette kom eg i Diplomatarium Norvegicum over eit brev frå den kontroversielle pave Aleksander III (1159–1181) til Øystein, erkebiskop i Nidaros, og Amund, tidlegare biskop i Stavanger. Brevet er datert 5. september 1171 eller 1172. Her ber paven om at dei norske biskopane sender den estiske munken Nikolaus i Stavanger saman med misjonbiskopen Fulco til Estland.

Nikolaus frå Stavanger: Den første kristne estlendaren vi kjenner til.

Munken Nikolaus er ikkje berre den første kristne estlendaren vi kjenner til, han er i det heile den første estlendaren vi veit namnet på. Stort meir veit vi heller ikkje. Paven skildrar i brevet Nikolaus som ein gudfryktig og klok mann som vil vere ein god forbundsfelle for biskop Fulco i arbeidet med å vinne estendarane for kristentrua. Franskmannen Fulco vart i 1165 (eller 1167?) av erkebiskop Eskil i Lund kalla til å verke som misjonsbiskop for estendarane. Oppdraget til Fulco og kallinga av Nikolaus er del av ein større kyrkjeleg misjonsdragkamp. Allereie midt på 1000-talet sende erkebiskop Adalbert (1043–1072) av Hamburg-Bremen Johannes Hiltinus på misjonsreise til Sverige og dei baltiske øyane, som på den tida også



Artikkelforfattaren, Bård Eirik Hallesby Norheim (29), med kona Kjersti (28) og dottera Hanna.

vart brukt som namn på Estland. Hiltinus drog i veg omkring 1060, men ingenting tyder på noko gjennomslag for misjonen. Midt på 1100-talet melder Lund, ved erkebiskop Eskil, seg på i kapplauget om å kristne Estland. Han kallar som nemnt Fulco som saman med Nikolaus skal drive misjon. På førehand har Eskil sendt Fulco til Roma for å søkje støtte hos paven for dette misjonsprosjektet.

Pave Aleksander ser ut til å veksle alliansepartnarar og strategiar i dette misjonskapplauget. 11. september 1171 gjekk det frå paven ut eit brev til kongar, prinsar og kristne i Noreg, Danmark, Sverige og på Gotland der han bad om hjelp til eit krosstog mot estlendarane. Denne oppmodinga står i skarp kontrast til det fredelege misjonsoppdraget Fulco og Nikolaus ser ut til å ha hatt. Mykje tyder på at paven opererte med to strategiar: Den eine var det langsiktige misjonsprosjektet til Fulco og Nikolaus; den andre var krossferda som skulle gi ei rask løysing. Eitt er sikkert: Kristninga av Estland på slutten av 1100-talet ser ut til å ha gått ut frå Norden.

Kvifor kom Nikolaus til Stavanger?

Kva fekk ein ung estlendar midt på 1100-talet til å kome til Stavanger og bli munk? Vööbus meiner at Nikolaus kan ha hamna i Noreg som krigsbytte, vorte ein fri mann og sidan gått i kloster. Dette var ikkje Utstein kloster som først vart opna i 1255 og vigd til St. Laurentsius. Mykje tyder på at Nikolaus var i det klosteret, eller munkeskulen, som Eirik Ivarsson, biskop i Stavanger, bygde omkring 1150 og vigde til Olav den heilage, altså eit olavskloster og truleg med særleg fokus på utdanning. (jf. Christian Lange: *De norske klostres historie i middelalderen*, 1856.)

Endå ein indikasjon på dette får vi i boka til Charles Joys: *Vårt Folks Historie II, Hellig Olavs arv*. Joys fortel om ein ung mann som vart teken opp i hirda til kong Inge omkring år 1150 for å lære "fine seder

og åndfull tale". Den same unge mannen vart send vidare til olavsklosteret for å "drive studier i flere vitenskaper". Kanskje var Nikolaus og denne unge nordmannen "studiekameratar" ved olavsklosteret i Stavanger?

For å finne årsaka til at Nikolaus hamna i Stavanger er det ikkje uvesentleg at han etter alt å dømme var munk i eit olavskloster. Olavskulten spreidde seg raskt i Norden og etter kvart i heile Europa. Olav var også helgen for dei reisande og for handelsmennene. Olavskulten fekk tidleg nedslag på Gotland, og vi veit at gotlandske kjøpmenn frå og med 1191 overvintra i Tallinn på veg til Novgorod. Kanskje var det desse kjøpmennene som hadde olavskulten og kristentrua med til Estland? Frå 1200 finn vi tydelege spor etter ei kjøpmannskyrkje i Tallinn, vigd til Olav. Denne kyrkja var truleg både mellomstasjon for kjøpmennene på veg til Novgorod og kultstad for dei lokale kristne. Vööbus understrekar at Fulco knapt ville fått misjonsoppdraget og kall til å vere biskop for Estland om det ikkje var ei lokal gruppe kristne.

Spreiinga av olavskulten innebar samtidig spreiinga av eit nettverk for handel, informasjon og kontaktar. Denne nettverksspreiinga var ein viktig misjonsstrategi i seg sjølv, og det er ikkje utenkjeleg at det var forgreiningar i Estland midt på 1100-talet, t.d. framhjelpst av kjøpmenn frå Gotland. Om det var slik, er det freistande å tenkje seg at Nikolaus hadde høyrst om olavsklosteret i Stavanger gjennom dette nettverket. Trass alt vart det ved klosteret drive studium på høgt nivå etter nordisk, mellomaldersk målestokk. Om Nikolaus verkeleg reiste til Stavanger for å få høgare utdanning, er det klart at han gav seg ut på eit dristigare prosjekt enn dagens studentar på internasjonale utvekslingsprogram.

Kva skjedde med Nikolaus og Fulco?

Korleis det gjekk med denne estiske utvekslingsstudenten og biskop Fulco, veit vi

ikkje noko særleg om. Truleg kom dei til den vestlege delen av Estland, til Lihula, som seinare vart biskopssete. Dei hadde eit relativt godt utgangspunkt for å formidle kristentrua til folket ettersom Nikolaus var estlendar sjølv og tala språket. Vel 30 år seinare kom dei tyske herrane i namnet til den same guden, men mottoet deira var eit anna, for dei forkynte frimodig at "*sverdet er vår pave!*". I 1178 var Fulco tilbake i klosteret i Frankrike der han vart verande resten av livet. Vi veit ikkje kva som skjedde med Nikolaus, men han kan ha gitt seg til i heimlandet for å forkyne kristentrua.

Kristninga av Estland og olavskulten.

Vi har sett at dei første spora etter kristninga av Estland viser seg i spreinga av olavskulten. Enno i dag finst det spor etter denne kulten. Eit meir kuriøst utslag av kulten er omtalt av den norske historikaren Andreas Seierstad i *Olavsdyrking i Nidaros og Nord-Europa* der han fortel at det framleis i 1905 var tradisjon i Estland å slakte ein gris på olavsdagen. Elles har vi eit stødig monument i Oleviste kirik i Tallinn, første gongen nemnd i 1267. Ei litt yngre olavskyrkje (frå ca. 1330) står på øya Vormsi (svensk. Ormsö). På alder med Oleviste i Tallinn er kyrkja på Muhu der utsmykkinga har detaljar som peikar direkte tilbake til Gotland. Kjøpmennene passerte begge desse øyane når dei sigla den indre leia. Sjølve kjerneordet for kristent fellesskap – kyrkje, på estisk *kirik* – ser ut til å stamme frå germansk, kanskje frå det nordiske *kirija*. Spreiinga av olavskulten har truleg spelt ei viktig rolle i ein avgjerande formingsperiode for kristen fellesskap i Estland.

Ei gransking av kristne kjerneord viser at *kross* og *bibel* (*bok*) i estisk truleg har bysantisk eller slavisk opphav. Det estiske ordet for kross, *rist*, ser ut til å vere lånt frå det slaviske *krest*. Det same gjeld ordet for å døypa, *ristima*. Også *raamat* (*bok/bibel*)

og *päästja* (*frelsar*) og fleire andre ord viser slavisk opphav. Dette kan tyde på at den aller første kontakten med kristentrua var med bysantisk-slaviske misjonærer.

Nikolaus frå Stavanger: Estlands apostel?

Spora etter Nikolaus dannar ei motvekt til den blodige kristningssoga ved at det er forteljinga om ein mann som våga å møte det framande og sidan ta lærdommen og erfaringa med seg heim til landsmennene. Det er sjølv sagt ikkje dekning for å utrope Nikolaus til Estlands apostel, men det er så freistande at eg ikkje kan la det vere.

Vladimir og Tatjana

Det bur nesten 17 000 personar i Estland med forenamnet Vladimir. Me treng ikkje leita lenger enn til Lenin for å finna ei av årsakene til at namnet vart så utbreidd. Det er slett ikkje berre russarar som heiter så, men ein kan stort sett rekna med at ein estisk Vladimir ikkje er verken barn eller heilt ung. Etter Vladimir er dei vanlegaste mannsnamna Aleksander, Sergei, Nikolai, Viktor, Andrei, Aleksei, Jüri, Igor og Rein.

Blant kvinnene er det flest som heiter Tatjana – 14 000 av dei. Deretter følgjer Olga, Valentina, Jelena, Irina, Svetlana, Galina, Anna, Maria og Natalja. Først etter desse kjem dei estiske namna Urve, Karin og Kersti.

Det ein kan slå fast på grunnlag av desse tala, er at russarane i namngjevinga konsentrerer seg om relativt få namneformer. Estarane har ein større rikdom – eller ein livlegare fantasi. Om ikkje estiske barn er unike på andre måtar, så kan det godt henda at dei går omkring med unike namn som foreldra rett og slett har funne på.

Av etternamna er dei vanlegaste Tamm (eik), Saar (øy), Mägi (fjell, haug, bakke), Sepp (smed), Ivanova, Ivanov, Kask (bjørk), Kukk (hane), Rebanc (rev) og Ilves (gaupe). (tf)

Natur og naturvern I

Av Turid Farbrege

Estlands areal er på 45 215 km², som utgjør 0,03 % av det samla landarealet på jorda. Den norske og den estiske hovudstaden ligg omtrent på same breiddegrad, så store klimaskilnader kan ein ikkje snakke om. Skiftingane mellom fire årstider er tydelege, men nærleiken til havet – Finskevika i nord, Austersjøen i vest og Rigabukta i sør – gjer at overgangane vanlegvis er mjuke. Kaldast er det i februar og varmest i juli. Golfstraumen gir for det meste vindar frå sørvest og vest. Det er ikkje uvanleg å høyre i vermeldinga at "ein lågtrykksrygg er på veg inn frå Norskehavet" (madalrøhkkond saabub Norra merelt). Mest nedbør er det seint på sommaren og første del av hausten. Om våren kan det vere nokså tørt. Vindane mister gjerne mykje av krafta før dei når Estland. Der får dei til gjengjeld godt tak i det flate landet, og kraftige stormar har i seinare år husert stygt.

Den estiske kystlina, øyane medrekna, er 3794 km lang. Om lag 400 øyar har eit areal på minst eit hektar, men berre 11 av dei største har fast busetnad. Skilnaden på flo og fjøre er mindre enn 10 cm. Havnivået kan likevel variere 2,5 m på grunn av vindforholda. Somme hamner kan for ei tid vere utilgjengelege for båtar fordi vatnet står anten for høgt eller for lågt. Landegrensene er relativt korte med totalt 633 km, av dette 339 km mot Latvia og 294 km mot Russland.

Meir enn 60 % av Estland har ei absolutt høgd på mindre enn 50 m, og berre tiandeparten når høgare enn 100 m. Det høgste punktet er Suur Munamägi (Store Eggbakken) i søraust med 318 m. Samtidig er dette det høgste punktet i heile Baltikum, endå om Latvia ikkje ligg mange meter etter med Gaizina kalns på 312 m. Skilnaden ned til Juozapine på 294 m i Litauen er ikkje særleg stor den heller.

Istida tok i Estland slutt for 10 000 år

sidan, og landet begynte å stige etter at isbøra var borte. Landhevinga er no på 2,5 mm for året, så vesentlege landevinningar er ikkje å vente i vår levetid. Men store delar av Estland ber preg av å vere tidlegare havbotn.

Av det estiske territoriet utgjør vatn og innsjøar 6,1 %. Størst er Peipsi på austgrensa, som samtidig er den fjerde største innsjøen i Europa. På andre plass kjem Võrtsjärv ("järv" betyr vatn el. innsjø); den er på det djupaste berre 2,8 m og varierer derfor sterkt i flatevidd (mellom 243 og 327 km²), avhengig av nedbørmengda. Alle estiske innsjøar er relativt grunne. Heller ikkje Peipsi har større djupner enn 15 m. Det er likevel nok til at øya Piirissaar stadig gir inntrykk av å vere i ferd med å drukne. Øya er om lag 4 km lang i aust-vest-retning og stikk for det meste ikkje meir enn 1–2 m opp av vatnet Litt høgare er det i nordaust, og der er heile busetnaden konsentrert. Peipsi og Võrtsjärv utgjør til saman nesten 90 % av totalarealet for naturlege eller kunstige vass-samlingar.

Elvar og bekker er det mykje av. Mest kjend er Emajõgi som renn gjennom Tartu og munnar ut i Peipsisjøen. Vöhanduella i søraust er med 162 km likevel den lengste. Og ser vi på vassføringa, så er den i Narva-elva større enn for alle dei andre elvane til saman. Det relativt korte elveløpet til Narva-elva fører vatn frå Peipsi ut i Finskevika.

Det flate terrenget har skapt store områder med myrar og sumpar, til saman ein fjerdedel av "tørrarealet". Torvmyrane har gjennomsnittleg 5–7 m tjukke torvlag. Det tjukkaste torvlaget er funne i Vällamäe nær Suur Munamägi; det vart målt til 17 m. Når den årlege tilveksten er 1–1,5 mm, kan den interesserte rekne ut kor lang tid det tek for ei slik myr å danne seg. Dei ulike typane av myr er blitt eit viktig turistmål. Verna myrstrekningar er fleire stader tilrettelagde med plankelagde naturstigar og utsiktstårn.

Nesten halvparten av Estland er dekt av skog. Furu, bjørk, gran, or og osp er dei vanlegaste treslaga. Skogen er ein av dei viktigaste naturressursane Estland har, og den har i seinare år vore utsett for til dels sterk rovdrift. Endå så uhandterleg som ein tømmerstokk er, så er det blitt populært å stele skog, dvs. drive tjuvhogst på annanmanns grunn, særleg der staten er eigar.

Estlands naturvernfond (Eestimaa Looduse Fond, forkorta til ELF) kan fortelje at ein stor del av skoghogsten dertil er ulovleg av verneårsaker. Dette er mogleg på grunn av mangelfull lovgiving og dårleg overvaking. La oss ta med eit eksempel:

Mange norske turistar har besøkt nasjonalparken Lahemaa aust for Tallinn på den estiske nordkysten. Der har dei kunna beundre fantastisk natur, det storslåtte godset Palmse osv. I månadsskiftet oktober–november vart det oppdaga eit nytt tilfelle av ulovleg hogst i nasjonalparken Lahemaa. Det var det tredje som vart oppdaga berre i løpet av 2002. Etter dei to første avsløringane vart skogen seld, og den nye eigaren hadde like liten vørnad som forgjengaren for regelverket. Ettersom Lahemaa er naturpark, må nemleg all avverkning godkjennast av tilsynet for parken. Flatehogst, som det her var tale om, ville ikkje blitt godkjend på noko vilkår.

Rovdrifta har samanheng med profittsiktene ved sal til utanlandske oppkøparar. Ein av dei største avtakarane av estisk tømmer er Finland. Av det store estiske skogsindustrikonsernet Sylvester vart 66 % i 2002 oppkjøpt av det endå mektigare finske Stora Enso Timber. Då den ulovlege avverkninga i Lahemaa vart oppdaga, var akkurat tømmeret i ferd med å bli lasta på bilar som tilhørde Sylvester og ei mindre verksemd med namnet Polar Puu. "Du kan



Typisk estisk sumplandskap.

Foto: Toomas Volmer

ikkje skulde treet at det er felt på feil måte," hevda oppkøparen frå Sylvester då han vart konfrontert med det faktum at hogsten var ulovleg. "Som kjøparar opererer vi i samsvar med lova. Tømmeret er til sals, og vi kjøper."

ELF vart skipa i Tartu 1991 av førti naturforskarar og naturvernarar. Vesentleg for danninga av den estiske organisasjonen var støtta frå den finske avdelinga av Verdens naturfond (World Wildlife Fund for Nature). ELF samarbeider med andre miljøorganisasjonar innanlands og utanlands.

Nokre av dei første prosjekta til ELF var utforsking og vern mellom anna av havert (dvs. gråsel el. austersjøsel), flygande ikorn, strandpadde (estisk: jutttselgärnkonn, latin: Bufo calamita) og flaggermus. Samtidig vart det sett i gang arbeid for oppretting av nye verneområde. ELF var såleis med på tilrettelegginga av nasjonalparkane Karula og Soomaa som vart oppretta 1993. I løpet av den første tiårsperioden medverka ELF til at om lag 200 000 hektar vart registrerte som verna område.

Nettstaden til Estlands naturvernfond finn du på adressa www.elfond.ee. Adresse for e-post er elf@elfond.ee.

Det blir meir om natur og naturvern i neste nummer av Estlands-nytt.

MINNEORD

Ivar Otto Iversen 30.6.1925–2.9.2002

En pioner i norsk-estisk samarbeid

Av Jon Henden

Tidligere skolesjef i Ski kommune, Ivar Otto Iversen døde i september. Ved hans bortgang har vi mistet en engasjert og aktiv Estlands-venn, som i de siste 10–12 år av sitt liv bidrog sterkt til å utvikle samarbeidet mellom Estland og Norge.

Etter endt yrkeskarriere og oppnådd pensjonsalder tok han umiddelbart fatt på nye oppgaver. Gjennom norsk-estiske kontakter var han blitt opptatt av behov og muligheter i et land som var i ferd med å bli frigjort fra et halvt århundres diktatur. Med skole og skoleutvikling i blodet stilte han seg åpen for nye utfordringer. Dette skjedde i samarbeid med Berit Iversen, hans kone, som også gjennom et langt yrkesliv hadde investert mye pedagogisk innsikt og engasjement i skoleutvikling og reformarbeid. Sammen var de et team med stor pedagogisk og praktisk kompetanse.

Det startet våren 1990 med et klassebesøk fra Viimsi, en nabokommune til Tallinn, og gjensitt av Berit og Ivar Otto sammen med et par andre norske skolefolk samme sommer. Det viste seg å være ønske om et kurs i norsk for voksne estere. For Ivar Otto og Berit var ikke veien lang fra tanke til handling. Høsten 1990 reiste de til Tallinn med støtte fra det norske utenriksdepartementet og holdt skoleåret 1990–91 et meget vellykket norskkurs for 45 motiverte estere.

Under oppholdet i Estland knyttet de kontakt med estiske miljøer, både innen skole- og kultursektoren. Dette resulterte i praktiske tiltak som Ivar Otto ordnet og organiserte. Det var for eksempel hjelpesendinger av ymse slag, og det var grupper og enkeltpersoner fra Estland som kom på



Ivar Otto Iversen anbefaler "Årets estlandsvenn" på årsmøtet i Norsk-estisk forening.

besøk, og da gjerne til det iversenske hjem i Dagboveien i Ski. Ivar Otto hjalp også til med å få i gang et kurs i estisk. Dette ble holdt i Ski i regi av Follo folkeuniversitet.

Ivar Otto ble godt kjent med estiske skoleforhold, og oppdaget at funksjonshemmede barn ikke hadde hatt noe skole- eller pleietilbud under sovjetregimet. Med erfaring fra Frambu helsesenter, som ligger i Ski kommune, satte han i gang et prosjekt for å få opprettet et liknende senter i Viimsi, og tok initiativet til å utdanne personale som kunne drive dette. Dette prosjektet, "Caring for Children with Disabilities", ble kalt Follo-prosjektet, fordi det foruten å være støttet av UD også var finansiert av de sju Follo-kommunene.

"Mini-Frambu" i Viimsi ble kalt Randvere Perekeskus (familiehjem) og tok imot og ga hjelp til funksjonshemmede barn sammen med deres familier. Randvere ble drevet av personale som med jevne mellomrom fikk skolering på Frambu, eller av Frambu-spesialister som drog til Estland. Resultatene var vellykket, og mange

familier ble hjulpet. I de senere årene er Randvere blitt lagt ned av økonomiske årsaker. Ivar Otto hadde vanskelig for å godta dette, og håpet i det lengste at en løsning måtte finnes.

Ivar Otto tok også initiativ til en omfattende undersøkelse av den generelle interessen for opplæring i nordiske språk i Estland. Utenriksdepartementet og Norges forskningsråd støttet undersøkelsen som er offentliggjort i en publikasjon fra Nordisk ministerråd. Rapporten ble et hjelpemiddel for koordinering av fellesprosjekter i språk-opplæringen.

Samarbeidsoppgavene i forholdet mellom Estland og Norge var i utgangspunktet av mer eller mindre privat karakter. Men uofisiell kontakt med kommunale og offentlige organer var opprettet allerede ved det første norske besøket i 1990. Etter hvert fikk forbindelsen en mer offisiell karakter. Offentlige representanter for Ski og Viimsi etablerte formelle kontakter, og i 1992 fikk Ski og Viimsi status som vennskapskommuner.

I de første årene etter Estlands frigjøring ønsket en i det estiske miljøet i Norge å markere Estlands nasjonaldag 24. februar på en festlig og verdig måte. Ivar Otto brukte da sine mange kontakter og fikk økonomisk hjelp til flere stilte arrangementer i de følgende år, bl.a. i Universitetets Aula og i Gamle Losjen.

Interessen for det norsk-estiske samarbeidet kom til uttrykk i forskjellige organisasjoner. Med sin evne til å knytte personlige kontakter og å løse opp der det var motsetninger, lyktes det Ivar Otto å forene ulike synspunkter og interesser i en felles organisasjon. Han gledet seg da Norsk-estisk forening ble dannet som et forum der alle kan møtes til kulturelt og medmenneskelig fellesskap. Han var i alle år et aktivt medlem av redaksjonskomiteen i "Estlands-nytt", og lanserte siste vår "Årets Estlandsvenn".

Ivar Otto var æresmedlem både i Norsk-estisk forening og i Eesti Selts

Norras. Han mottok flere æresbevisninger med hederstegn fra det estiske Skole- og Kulturdepartementet i Tallinn.

Ved begravelsen 10. september ønsket de pårørende at det istedenfor blomster skulle gis en gave til beste for barnearbeidet i Estland. Det kom inn 45 000 kroner som foreløpig blir administrert av Norsk-estisk forening.

Vi takker og lyser fred over Ivar Ottos gode minne.

Ivo Iliste 14.12.1935–1.12.2002

Ivo Iliste var fødd i Tartu som son til ein lege. Åtte år gammal flykta han frå Estland saman med familien og fekk med tida eit nytt heimland i Sverige. Han døydd i Malmö etter alvorleg sjukdom. Vi har mista ein vidsynt verdensmann, omsetjar, kulturpolitkar, poet, essayist, litteraturformidlar, bistandsarbeidar og etnograf.



Ivo Iliste

Iliste fekk ei svært internasjonal utdanning med skulegang i Estland, Tyskland og Sverige, universitetsstudium i Uppsala og USA før han avslutta i Stockholm med utviklingslandsproblematikk som spesialfelt. Han skulle bli ein populær førelesar i etnografi. Han var aktiv i internasjonale ungdomsorganisasjonar. Sidan hadde han lange opphald i Afrika, Latin-Amerika og India, siste gongen så seint som i 1997–99.

Sentralt for Iliste stod den estiske kulturen. Særleg arbeidde han mykje med litteraturen. Saman med kona si, Birgitta Göranson, sette han om til svensk mange sentrale verk frå nyare estisk litteratur. Desse vart lesne av forlagsfolk i andre land

som på den måten oppdaga Jaan Kross, Jaan Kaplinski, Viivi Luik og andre estiske forfattarar. Takk vere arbeidet til Iliste begynte såleis dei norske forlaga også å interessere seg for estisk litteratur.

Iliste var i mange år medarbeidar i tidsskriftet Mana. Han var direktør for Baltiska Institutet i Stockholm 1986–96. I denne stillinga og med tidsskriftet Baltisk Revy frå 1990-åra viste han at han spende over heile det baltiske kulturrommet.

Tapet av ein gåverik og engasjert person som Ivo Iliste er så stort at det kulturelle Estland kanskje ikkje fattar det med ein gong. Det blir vanskeleg å fylle det gapande tomrommet han etterlet seg. (tf)

Andres Küng 13.9.1945–10.12.2002

Andres Küng var fødd Sverige. I streng tyding av ordet var han derfor ikkje eksilestar, men den etniske bakgrunnen kom til å prege heile livet hans. Han var det svenske kallar "mångsysslare", hadde minst tre yrke, men hovudverksemda gjekk ut på å vere estar. Nettopp estar var han meir enn dei fleste.

Küng arbeidde 1969–72 i Sveriges Radio, og deretter var han telekommentator 1972–82. Han var dessutan politiskar, forretningsmann og skribent.

Den litterære produksjonen er omfattande. Küng skreiv tusenvis av artiklar om estiske og baltiske tema og gav ut meir enn femti bøker på svensk. Mange av desse vart omsette til andre språk. Den siste var heilt fersk: *Ett liv för Baltikum* (2002) som kom samtidig på estisk med tittelen *Baltikumile elatud elu*.

Küng var medlem av det svenske journalistforbundet og av forfattarforeiningane både i Estland og Sverige. Frå 1978 av hadde han svensk forfattarlønn. Küng gjorde mykje for å skape ein pro-baltisk opinion i Sverige. I 1999 vart han av president Lennart Meri tildelt ordenen Den kvite stjerne, andre klasse. (tf)

Fritt og sjølvstendig

Estland fek nytt sjølvstende og dermed ny fridom. Mange misoppfattar og misbrukar fridommen slik at det stadig blir sett nye rekordar i talet på fangar. Dermed vart situasjonen prekær i fengsla. Humane krav frå EU og andre stader gjorde seg også gjeldande.

Når eitt av dei store problema i verda er overproduksjon og arbeidsløyse, kan ein jamvel vera glad for dei arbeidsplassane fengselsvesenet skaffar. Tenk på alle dei som blir engasjerte i bygginga av eit fengsel! Sidan trengst det mange for å halda fengslet i drift. Og det går ein straum av matvarer og andre produkt inn fengselsportane.

Universitetsbyen Tartu let dei positive aspekta sigrar over skepsisen til å få eit slikt element knytta til seg, og byen sa ja til eit moderne fengsel som skulle kunna ta imot opp til 500 fangar. Det vart ein moderne anstalt som utan skam kunne visast fram til delegasjonar både frå EU og kvar som helst.

Men no er det fleire månader sidan innviinga, og kampen er i gang. No kjem presset for å få Tartu-fengslet til å ta imot 900 fangar, dvs. nesten dobbelt så mange som det var prosjektert for. Tartu har som gammal universitetsby vore stolt av å bli assosiert med kultur og åndsliv. Byborgarane ottast no at folk i staden skal tenkja på kriminalitet og fengsel når Tartu blir nemnd. Ordførar Andrus Ansip truga med at byen ville stengja heile fengslet om fangetalet blei høgare enn det som var planlagt og godkjent. På den måten er dette samtidig blitt ein dragkamp mellom lokale og sentrale styresmakter. Justisminister Märt Rask ser ikkje andre utveggar enn å auka fangetalet i Tartu, men meiner at det vil vera ei mellombels løysing til dess situasjonen stabiliserer seg og at det eventuelt blir ferdigstilt fleire anstaltar som er i samsvar med internasjonal fengselsstandard. (olm)

Hansapank

Hansapank er størst i Estland, på andreplass i Latvia og i full fart på veg inn i Litauen. Det siste store oppkjøpet hittil var då dei la under seg Lietuvos Taupomasis Bankas (LTB) som var den nest største sparebanken i Litauen. Leiar for integreringsprosjektet vart Raul Parusk, uteksaminert frå universitetet i Moskva. Han rasjonaliserte bort meir enn halvparten av bankkontora til LTB og sa opp over tusen tilsette. Avisa Eesti Ekspress fortel 12.12.2002 om korleis dei estiske bankfolka opplevde Litauen.

Estarane såg på landet som eit Eldorado med pengar alle stader; det galdt liksom berre å plukka dei opp. Det kom fram mange overraskande skilnader i kultur og forretningsmentalitet. Viktig for estarane var det å gå litt varleg i dørene, for dei er ikkje dei mest populære i Litauen. Det vart lagt stor vekt på at den svenske Swedbank står bak Hansapank. Det gjekk så langt at det vart henta inn ein svenske som fekk fullmakt til å skriva under på fusjoneringsavtalen. I motsetnad til hovudkvarteret åt

Hansapank i Tallinn, så heng det eit svensk flagg i stonga utanfor hovudkontoret i Vilnius. Og ettersom LTB var grunnlagd for nesten 90 år sidan, vart det offisielle namnet Hansapank LTB.

Den litauiske banken opererte offline, viste det seg. Det vil seia at kundane kunne berre ha med den filialen å gjera der dei hadde kontoen sin. Ville dei i tillegg ta ut pengar ein annan stad, så måtte dei oppretta konto der òg. Raul Parusk sette i gang ein datateknisk revolusjon etter estiske krav om effektivitet. Sjefen for LTB var van med å sitja bak tjukke dører, og han hadde fått arbeidsrommet sitt møblert med 1800-talsmøbler. Den litauiske leiinga inviterte estarane kvar morgon til ei samling med te og kaffi der ein ung mann las opp avisene for dei. Det var noko tull, meinte estarane, dei var i stand til å lesa sjølve. Estarane installerte glasdører slik at dei underordna kunne sjå kva sjefane dreiv på med. Parusk sjokkerte med sjølv å hella opp kaffi til seg. Verst av alt var det likevel at han tillet dei underordna å seia du. (olm)

Fattige parti

Alle partia i Estland strevar med å få inn kontingenten frå medlemmane. Fedrelandsforbundet vil ha 300 EEK per medlem per år, og 60 av dei som ikkje har arbeidsinntekt; men 41 % av dei innskrivne hadde per 1. september ikkje betalt. I Senterpartiet til Edgar Savisaar er kontingenten 120 EEK, og 12 kroner for studentar og pensjonistar; men varierende i dei ulike krinsane hadde 20–75 % ikkje betalt. Reformpartiet går inn for flat skatt og flat kontingent som dei har fastsett til 120 kroner året; likevel med høve til fritak.

Dei moderate ville ha 1 % av innkoma, og det hadde berre 40 % sendt inn. Det nye

partiet Res Publica tek like eins omsyn til kva medlemmane kan ha råd til, så der er avgifta sett til 48–960 EEK.

Folkeforbundet oppstod då tre parti gjekk saman. Vedtektene gir høve til å krevja inn medlemspengar, men det er ikkje blitt gjort etter partisamanslåinga.

Etter lokalvalet i oktober var partia stort sett bankerott. Dei moderate hadde gjennomført ein dyr valkampanje og stod etterpå med skjegget i postkassa og ei gjeld på om lag to millionar. Senterpartiet hadde stor politisk framgang, men stod finansielt igjen med 3–4 millionar i gjeld. (Postimees 4.9., Öhtuleht 20.11. olm)

Finansiering av kulturen og politisk ansvar

Esterne har vært stolte av institusjonen **Kultuurkapital** som fungerte i mellomkrigstida og som ble gjenopprettet i 1994. Den svarer vel nærmest til Norsk kulturfond. Det sitter ti medlemmer i dette organet, med kulturministeren i spissen og elters representanter for forskjellige deler av kulturen. En daglig leder med sekretærer tar seg av de praktiske tingene. Fra starten av og i åtte år het denne lederen **Avo Viiol** og var utdannet jurist. Han var 36 år gammel da han fikk jobben. I august 2002 ble det oppdaget at han i løpet av de tre siste åra hadde greidd å stjele over 8 millioner EEK fra kassa. Disse pengene hadde han spilt bort på kasinoene. Kulturminister **Signe Kivi** (Reformpartiet) reagerte momentant da dette ble oppdaget, og ba om avskjed fra ministerposten. For å gi dette perspektiv tar vi med at Kultuurkapital årlig kan bruke 7 millioner kroner til å støtte landets litteratur, at teaterlivet blir støttet med 7,8 og billedkunst med 8,1 millioner. Grovt regnet tredjeparten av midlene for år 2002 var med andre ord satt over styr.

Mange regjeringsmedlemmer har gjort alvorlige feil, landet har sett mange store skandaler. Det har vært feil på forskjellige nivå, personlig atferd, tapsbringende økonomiske disposisjoner i million- og milliardklasse, osv. Nåværende statsminister **Siim Kallas** gikk i flere år ut og inn av rettsalene fordi 10 millioner dollar forsvant sporløst da han satt som direktør i Estlands bank. **Mart Laar** skjøt i statsministerperioden med militærgevær blink på et bilde av **Edgar Savisaar**, den fremste politiske motstanderen. Osv. osv.

Signe Kivi er i Estland den første ministeren i moderne tid som har tatt ansvaret for

feil begått av henne selv eller hennes underordnede og på eget initiativ stilt ministerposten sin til disposisjon. Regjeringssjef **Siim Kallas** uttalte ved den anledning at med dette løftet Signe Kivi Estlands politiske kultur inn i vårt århundre. Det kan såmenn godt være. Og det måtte en kvinne til for at det skulle skje. Tydeligvis har ikke **Siim Kallas** noe speil å se seg selv i, for det falt ham visst ikke inn at han da han satt som sjef for statsbanken, hadde noe ansvar for det som skjedde der. Den estiske polito-



Signe Kivi (th) mens hun enda var minister, fotografert sammen med sin tidligere lærer, tekstilkunstneren Anu Raud utenfor Heimtali museum i juli 2002. foto: tf

logen Iivi Masso sammenlikner Estland med sitt nåværende hjemland, Finland, og ser stor likhet: Flinke jenter tar ansvar, store gutter spiller sine store spill (EPL 26.8.2002). Høsten 2002 fikk vi likevel et eklatant eksempel på at ikke alle jenter tar ansvaret. Utenriksminister **Kristiina Ojuland** har både fyllekjørt og misbrukt statlige midler uten at det ser ut til å affisere henne. Promillekjøring er så pass vanlig i Estland at ut fra vanlig oppfatning er det ikke så alvorlig. At staten betalte for

flere boliger som hun ikke engang brukte selv, ble oppdaget og førte til bølger som skylte over flere ministre og parlamentsmedlemmer. Vanlige mennesker har vanskelig for å forstå hvorfor skattepengene skal gå til hotell og flotte biler for politikere. Partiene skyndte seg å komme med forslag til reform av systemet med godtgjørelser, kompensasjoner og hva det nå heter alt sammen som de har innkassert.

Departementsråd i kulturdepartementet, **Margus Allikmaa**, ble i september utnevnt til ny kulturminister. Med bare noen måneder igjen til neste parlamentsvalg som kommer i mars i år, var dette en nærliggende løsning. Allikmaa hadde tre års erfaring som embetsmann i departementsstillinga. Før han tiltrådte den, administrerte han Dramateateret i Tallinn i åtte år.

Signe Kivi var valgt inn i bystyret i Tallinn 1999 og inntok den plassen etter at hun sluttet i regjeringen. (jv nov. 2002)

Ta vare på språket!

På slutten av forrige århundre begynte en voldsom språklig omveltning. Først og fremst var den betinget av den nye politiske situasjonen. Holdningen til russisk hadde stort sett vært avvisende. Nå kom særlig engelsk og finsk med stor kraft og gav dusinvis av lånord. Et nytt samfunnssystem og markedsøkonomi skapte et akutt behov for ord og termer på talløse felt. Ofte er ord fra engelsk tatt inn temmelig direkte, bare med rettskrivning tilpasset estisk: *leasing* blir 'liising', *black box* blir 'bläckpoks' osv.

Selvsagt ble mange bekymret for hvordan dette skulle gå. Reaksjonene har iblant steget fra uro og forargning til sjokk og sinne. Engelsk har ofte trengt inn der det eksisterte fullt brukbare estiske ord. I høst ble skoleåret i Tallinn innledet med *schoolfest* som på estisk skulle hett 'koolipidu'.

En del av motstanden mot medlemskap i EU har med språket å gjøre. Vil estisk bli kvalt under trykket av de store? Som en

motvekt blir folket forsøkt mobilisert for å utvikle det estiske språket. Det har gitt brukbare ord tidligere, så hvorfor ikke igjen. I september ble det utlyst en konkurranse for å finne gode estiske erstatninger for EU-ord av typen integrasjon, ad hoc, globalisering, nulltoleranse osv. Det kom inn 111 brev, og 546 svarte via Internett. Språket fikk mange gode nye ord. Som alltid vil problemet være å få språkbrukerne til å gå inn for dem. Da hjelper det jo en del at estisk presse viet språkforslagene stor oppmerksomhet. (jv)

Vi feirer i 2003

Estarane er flinke til å feire fødselsdagar. Det vil prege spaltene i komande nummer av Estlands-nytt. Heile 2003 er kalla Kreutzwald-året for å markere at det er 200 år sidan den mannen vart fødd som mellom anna skapte nasjonaleposet *Kalevipoeg*.

Det har gått 125 år sidan Anton Hansen Tammsaare og Aino Kallas blei fødte, 120 år sidan Marie Under, Hugo Raudsepp og Gustav Suits såg dagens lys, for å nemne nokre. (kb)

På fransk og ungarsk

I slutten av november ble det arrangert estisk kulturuke i Caen. Dermed var det festlige rammer om presentasjonen av en estisk novelleantologi på fransk. Boka inneholder noveller av 19 nålevende forfattere og gir dermed et representativt bilde av moderne estisk litteratur.

Også to andre oversettelser ble utgitt i Frankrike i fjor: skuespillet *Meie isa* (Fader vår) av Eva Koff, og et diktutvalg av Jaan Kaplinski.

Estisk institutt i Ungarn går aktivt inn for å utdanne ungarere til oversettere av estisk litteratur. Det er utgitt en del estiske forfattere på ungarsk, men det har stort sett vært snakk om klassikerne. Nå er det på høy tid å introdusere dem som har debutert i seinere år. Et representativt utvalg ble utgitt i en novelleantologi i høst.

Jan-Ivar Byrkjemoen:



BØKER

Elvi Lumet 70 år

De som har fulgt med, husker nok navnet **Elvi Lumet**. Hun har vært nevnt flere ganger i spaltene våre; så seint som i forrige nummer der vi fortalte om markeringen av Sigrid Undsets 120-årsdag.



Elvi Lumet

foto: tf

Med korte mellomrom bringer vi også melding om at det i Estland igjen har kommet ut ei bok av en norsk forfatter. Svært ofte er det da nettopp Elvi Lumet som har oversatt den. Ingen annen ester har oversatt så mye norsk litteratur. Hun ble i 1992 hedret med St. Olavsmedaljen for arbeidet med å formidle norsk kultur. Til syttiårsdagen 19.12.2002 sendte Norsk-estisk forening blomster som ble overrakt av oversetterkollega Turid Farbrege.

Vi bringer på neste side en oversikt over de bøkene Elvi Lumet har oversatt fra norsk. En observant leser legger merke til at det er et opphold på 13 år mellom novelleantologien 1976 og *Kristin Lavransdatter* 1989. Forholdene i sovjetperioden gir forklaring på dette. Elvi var ikke den eneste som oversatte fra norsk. Mer kjente navn var dengang Henrik Sepmaa og Arvo Alas. Det ble for mye vestlig litteratur, mente de som bestemte hvordan kulturkontaktene fikk lov til å utvikle seg. Da Elvi kunne ta fatt igjen, ble hun valgt som nyoversetter av Sigrid Undsets hovedverk, *Kristin Lavransdatter*, i tre bind. I samsvar med dagjeldende regler ble ikke noe utgitt og Elvi fikk ikke noe honorar før alt var ferdig. En oppgave som dette krever flere års utholdende arbeid. Etter at Elvi ble pensjonert i 1987, har oversettelsene strømmet ut. Særlig er det tre navn som går igjen: Sigrid Undset, Herbjørg Wassmo og Anne-Cath. Vestly.

Baltisk pris til Jaan Tätte

Dramatikeren Jaan Tätte ble i desember overrakt Baltisk litteraturpris i Riga. Prisen ble opprettet i 1993 og svarer til Nordisk litteraturpris på våre kanter. Den er på 5000 euro, dvs. i underkant av 80 000 estiske kroner. Tidligere har blant andre de estiske forfatterne Jaan Kross (3 bøker oversatt til norsk) og Emil Tode (2 bøker på norsk) fått samme pris.

Jaan Tätte er skuespiller ved Tallinna Linnateater (Byateateret). Han fikk prisen for skuespillene *Sild* (Brua, 2000) og *Palju õnne argipäevaks!* (Til lykke med hverdagen!, 2001) som har hatt stor suksess i Estland og er oversatt til flere språk. Ett av skuespillene har hittil nådd så langt som til filmleerret. *Ristumine peateega* (Kryssing av hovedveien) er blant filmene som blir vist på filmfestivalen i Tromsø 15.–20. januar i år. Vi håper at riktig mange unner seg den opplevelsen det er å se den. (jv)

Bøkene som Elvi Lumet har oversatt til estisk. De er oppført etter årstall for utgivelsen i Estland, og med navnet på det estiske forlaget.

1. Anne-Cath. Vestly: *Åtte små, to store og en lastebil*, 1970, Eesti Raamat
2. Anne-Cath. Vestly: *Mormor og de åtte ungene i skogen*, 1971, Eesti Raamat
3. Johan Borgen: *"Jeg"*, 1971, Eesti Raamat
4. Gunnar Lunde: *Svart latter*, 1971, Loomingu Raamatukogu. Perioodika
5. Thor Heyerdahl: *Ra*, 1974, Eesti Raamat
6. *Norske noveller*. (Utvalg, oversikter over forfattere, oversettelser av 20 noveller), 1976, Eesti Raamat
7. Sigrid Undset: *Kristin Lavransdatter. Kransen*, 1989, Eesti Raamat
8. Sigrid Undset: *Kristin Lavransdatter. Husfrue*, 1989, Eesti Raamat
9. Sigrid Undset: *Kristin Lavransdatter. Korset*, 1989, Eesti Raamat
10. Sigrid Undset: *Olav Audunsson i Hestviken*, 1994, Eesti Raamat
11. Sigrid Undset: *Olav Audunsson og hans barn*, 1995, Eesti Raamat
12. Herbjørg Wassmo: *Huset med den blinde glassveranda*, 1995, Eesti Raamat
13. Sigrid Undset: *Jenny*, 1996, Olion
14. Herbjørg Wassmo: *Det stumme rommet*, 1996, Eesti Raamat
15. Herbjørg Wassmo: *Hudløs himmel*, 1997, Eesti Raamat
16. Herbjørg Wassmo: *Dinas bok*, 1997, Eesti Raamat
17. Øystein Lønn: *Hva gjør vi i dag?*, 1998, Loomingu Raamatukogu. Perioodika
18. Tordis Ørjasæter: *Menneskenes hjerter. Sigrid Undset, en livshistorie*, 1999, Kunst
19. Herbjørg Wassmo: *Lykkens sønn*, 1999, Eesti Raamat
20. Cora Sandel: *Kranes konditori*, 2000, Loomingu Raamatukogu. Perioodika
21. Sigrid Undset: *Våren*, 2000, Eesti Raamat
22. Herbjørg Wassmo: *Karnas arv*, 2001, Eesti Raamat
23. Anne-Cath. Vestly: *Marte og mormor og mormor og Morten*, 2001 Karrup
24. Ketil Bjørnstad: *G-moll balladen*, 2001, Eesti Raamat
25. Linn Ullmann: *Før du sovner*, 2002 Eesti Raamat
26. Anne-Cath. Vestly: *En liten takk fra Anton*, 2002 Karrup
27. Sigrid Undset: *Fortellingen om Viga-Ljot og Vigdis*, 2002 Eesti Raamat
28. Anne-Cath. Vestly: *Mormors promenade* [oversatt, blir utgitt 2003, Karrup]
29. Sigrid Undset: *Gymnadenia* [oversatt, blir utgitt 2003, Eesti Raamat]

Internasjonal pris til norsk oversetter

Verdens oversettere er sammensluttet i International Federation of Translators, som i fjor tildelte den norske oversetteren **Turid Farbrege** (61) Karel Čapek-medaljen for hennes formidling av litteratur på "små språk". Hun oversetter fra finsk og estisk til norsk og har tidligere mottatt flere priser og utmerkelser, bl.a. Bastianprisen for gjendiktningen av den estiske lyrikeren Jaan Kaplinski.

Karel Čapek-prisen ble nå utdelt for femte gang. Den ble opprettet i 1990 for å

hedre hundreårsminnet om den tsjekkiske forfatteren som levde fra 1890 til 1938. Han er i Norge særlig kjent for romanen *Salamanderkrigen* (1936, på norsk 1938) som har vært framført i dramatisert form både på scenen og i radioen.

Turid Farbrege understreket i takketalen at originallitteratur av høy kvalitet er viktig for at det skal bli gode oversettelser. Æren burde derfor deles med de forfatterne som hun har oversatt. Farbrege er fortsatt den eneste som oversetter estisk litteratur til norsk, men det er håp om at flere nå tar fatt.

Nye oversettere fra estisk

Nordisk ministerråd har siden 1970-åra støttet såkalt nabolandslitteratur. Det er gitt støtte til utgivelse av skjønnlitteratur som er oversatt fra ett språk til et annet innenfor Norden. Det er opprettet et organ med navnet Nordbok som skal organisere dette. Nordbok har også fått i oppdrag å stimulere til utgivelse av litteratur fra Estland, Latvia og Litauen i de nordiske land. Imidlertid er det to grunnleggende problemer. For det første er litteraturen i Baltikum ukjent for vestlige forlag slik at de er redd for å satse på det de ser som risiko- eller tapsutgivelser. For det andre førte femti års isolasjon til at veldig få personer i Norden har tilstrekkelige språkkunnskaper til å kunne formidle litteraturen fra Baltikum.



Fra oversetterseminaret i Visby. Av de ni estiskkyndige seminardeltakerne på dette bildet var hele fem fra Norge. Bak fra venstre ser vi Torstein Bach (no), Göran (sv), Turid Farbrege (no), Mirja Itkonen (fi). Foran fra venstre: Øyvind Rangøy (no), Maarja Talgre (sv), Iikka Kinnunen (fi), Tor Tveite (no) og Torggrim Espolin Johnson (no).

Danske Charlotte Sejer Andersen i Nordbok arrangerte 28.11.–1.12. i fjor et se-minar i Visby på Gotland der det var samlet ca. 20 personer med forutsetninger for å bli formidlere av estisk, latvisk og litauisk litteratur. Seminaret var velorganisert, hyggelig og inspirerende. Vi konstaterer at når det gjelder rekrutteringen, ser det lovende ut for estisk litteratur i Norge. Blant deltakerne i estisk gruppe var det nemlig tre dyktige unge nordmenn som vi sannsynligvis kommer til å høre mer fra etter hvert. De heter Øyvind Rangøy (23), Tor Tveite (33) og Torstein Bach (35). I tillegg har vi Torggrim Espolin Johnson som deler seg mellom estisk og latvisk. Overraskende mange seminardeltakere kunne estisk; det gjaldt også de som deltok i latvisk eller litauisk gruppe.

MUSIKK



Konserttrammer

Konsert på storgodset ble et populært kulturtilbud i fjor sommer. Virksomheten er fortsetter i år, og den gir mesener gode muligheter til å utøve veldedighet.

Det fins hundrevis av herregårder rundt om i Estland, som er i en sørgelig forfatning. De kan være flere hundre år gamle og verneverdige fortidsminner. Men hvem skal betale?

I perioden 17.–25. august turnerte konsertserien Consorto Grosso på noen av godsene. Det var mulig å støtte prosjektet ved å overføre penger til kontonummer som ble oppgitt i avisene. Det er nemlig ikke bare selve bygningene som er verneverdige. Ofte er det i lokalene en virksomhet som ikke har annet husrom. F.eks. i forbindelse med konserten på Maidla gods 25. august kunne en overføre penger til barnehjemmet som holder hus i godsbygningen.

De gamle godsbygningene kan være ganske flotte og gir en utsøkt ramme om konsertene. Absolutt noe å være på utkikk etter når en drar til Estland om sommeren.

Melodi Grand Prix

Mange estere var svært betenkte på grunn av at en utlending skulle representere dem i Melodi Grand Prix i fjor. Estland stod som arrangør etter at unge Tanel Padar hadde seiret sammen med den mørkhudete eksaruberer Dave Benton. Ved arrangementet i Tallinn ble Estland representert av den svenske artisten Sahlene som kom i mål på tredjeplass. Hun kunne gått til topps om ikke teknikerne hadde latt stemmen drukne i musikkakkompagnementet.

De nasjonale finalene blir nå avholdt, og Estland slår kraftig tilbake ved at to estiske artister konkurrerer i Sverige. Det er Maarja-Liis Ilus (21) og Kerli Kõiv (15). Maarja-Liis har deltatt og gjort det godt i to europeiske finaler tidligere. Beste plassering var femteplass i Oslo i 1997 der hun opptrådte sammen med Ivo Linna. Året etter kom hun på åttendeplass. Kerli Kõiv vant i fjor den baltiske talentkonkurransen Fizz Superstar i Riga og blir fulgt med enorm interesse ikke bare i Estland, men også i resten av Baltikum. Hun har fått egen fannklubb med følgende nettsadresse: kerlifanclub@balticmusic.ee. Der kan du registrere deg som fann. Du oppgir da navn, alder, e-postadresse, bosted, interesser og skole eller arbeidssted. Så sleng deg på!

Til den nasjonale kvalifiseringen var det sendt inn 100 sanger, noe som var ny rekord. En jury bestående av ti personer fra musikk- og kulturliv valgte ut ti låter som 8. februar konkurrerer i den nasjonale finalen i Tallinn.

I mai blir finalen holdt i Riga 24. mai. fjorårvinneren Marie N skal lede arrangementet sammen med solisten Renars Kaupers i Brainstorm. Han plasserte seg som mange vil vite på tredjeplass i år 2000. Av 26 deltakere har Estland fått startnummer 23 i Riga.

Ny CD

Virgin Classics har gitt ut en ny CD som vi nesten vil kalle estisk-finsk-norsk. Først og fremst får vi demonstrert bredden og kvaliteten i estisk musikk. Utøverne som forener krefter er Estlands nasjonale symfoniorkester, Estlands nasjonale mannskor, Ellerhein pikekor, sopranen Solveig Kringelbott, mezzosopranen Lilli Paasikivi, tenoren Lars Erik Jonsson og barytonen Garry Magee ledet av Paavo Järvi.

Platen har verker av Jean Sibelius og åpner med *Jomfruen i tårnet*. Dette var den eneste operaen Sibelius skrev, og den ble

oppsatt bare én gang i hans levetid. Komponisten skal ha vært misfornøyd med librettoen og av den grunn ikke gått med på flere framførelser. Den neste produksjonen kom i 1981. Muligens gjør den seg faktisk bedre på plate enn på scenen. Sibelius-elskere får i alle fall anledning til å nyte en annen side ved komponisten enn den symfoniske. Idar Karevold skrev plateomtale i Aftenposten 30.10.2002 og fant at: "Den lyse tonen med en fleksibel og gjennomslutlig instrumentasjon og en levende rytmikk får frem nye strenger på opphavsmannens lyre."

På samme plate får vi også opus 46, scenemusikken til Maeterlincks *Pelléas et Mélisande*. Det består av ni satser og vi får tydelig demonstrert at den ikke trenger noen teatertilknypning for å kunne nytes. Innspillingen blir avsluttet med Valse triste, ett av de mest kjente og populære orkesterstykkene til Sibelius.

Når vi på denne måten har hatt et påskudd til å nevne Paavo Järvi (f. 1962), som mange nordmenn har sett svinge taktstokken i Den norske opera, så minner vi om at han er sønn av dirigenten **Neeme Järvi** (f. 1937). Han har en søster, **Maarika Järvi** (f. 1964), som er fløytist og en bror, **Kristjan Järvi** (f. 1972), som er dirigent og pianist. Farbroren, **Vallo Järvi** (1923–94), var også dirigent. Fetteren **Teet Järvi** (f. 1958) er cellist.

A-ha i Estland

Den norske popgruppen A-ha opptrådte i september for et 15000-hodet, begeistret publikum i Tallinn. De reddet delvis sesongen for popentusiastene ettersom det i fjor var litt sparsomt med internasjonalt stjernerdyss på estiske arenaer.

A-ha med Morten Harket i spissen har en høy stjerne hos våre venner. Ikke bare opptrer gruppen *live* i Estland, de er også rett som det er å høre i estisk radio, de selger relativt bra, og alt de foretar seg blir referert i estiske ukeblader og musikkspalter.

Ukebladet Kroonika (1.10.2002) brakte f.eks. på to helsider et intervju med "fjellets sønn" Morten Harket med redegjøring for ekteskapelige forhold etc. Ettersom Kroonika syns at han er en fryd for øyet, figurete han på tre bilder. Men for at ingen skulle misforstå, fant bladet det nødvendig å bekrefte at han ikke bare ser flott ut – han synger virkelig bra også.

Avisa Postimees (9.9.2002) sukket først oppgitt at hva skal en vel si om en fullkommen popkonsert? Etter hvert fant journalisten ord for inntrykkene og brukte nesten hele avissida før han klarte å stoppe.

Gap ikke over mer enn du kan svelge!

Det skjedde i fjor sommer på utedoen bak Paide kirke. Andres (25) forsøkte å voldta to kvinner på en gang. Ettersom de begge to gjorde aktiv motstand, måtte han mislykkes i forsettet, og den kriminelle akten forble ufullbyrdet.

Vladimir (43) var kanskje aller mest drevet av sult da han i oktober trengte inn i huset til de tilårskomne søstrene Tamm. Han satte seg rett til kjøkkenbordet for å spise. Da søstrene protesterte, grep han til kniven. Aleksandra (92!!) tok opp kampen og fravristet inntrengeren våpenet. Vladimir gav henne da et slag i hodet med ei flaske, men var i en så trengt posisjon at han etterpå flyktet det svinteste han kunne. Ganske snart ble han innfanget av politiets lange arm.

Noen heldig dag var det ikke for Valentin (26) heller da han i november slapp ut av fengslet og i forsøket på å tjene til livets opphold utenfor murene gjorde innbrudd i en villa i Saku. Litt rekognosering i forveien ville brakt på det rene at det var huset til Indrek Pertelson. Samme Pertelson kom sommeren 2000 hjem fra Sydney med olympisk bronsemedalje i judo, og det var en smal sak for ham å feste grepet på Valentin. (ay)

FILM



Namna på marmortavla

Den estiske storsatsinga, *Namna på marmortavla*, hadde premiere 1. november i Tallinn, Tartu og Pärnu. Før året var slutt, hadde filmen slått alle tidlegare publikumsrekordar.

Om bakgrunnen kan vi repetere at filmen bygger på første bind i romanserien *Nimed marmoritahvil I–IV* som **Albert Kivikas** gav ut i 1936–54. Den delen konsenterer seg om den estiske fridomskrigen i 1918–19 som førte fram til fredsavtalen i Tartu 1920. Forfatteren skildrar korleis estiske gymnasiastar utan noko slag militær trening melde seg som frivillige og hamna i krigens blodige alvor.

Estarane har sjølve samanlikna med den finske filmen *Ukjent soldat* som like eins bygger på ein roman, den av Väinö Linna med same namnet. Ein viss likskap kan ein finne når ein går inn for det. I begge land galdt kampen nasjonalt sjølvstende, i begge land var det mange tragiske lagnader med splitta familiar der bror kjempa mot bror, osv. Det viktigaste ligg likevel på eit anna plan. Begge filmane, liksom begge romane, er med på å styrke nasjonal fellesskap.

Med 21 millionar EEK i sponsorstøtte er *Namna på marmortavla* den dyraste produksjonen i estisk filmhistorie. Dette var ikkje på grunn av skodespelarhonorara. I hovudrollene finn vi for det meste unge, nyutdanna teaterskuleelevar som ikkje kunne stille store krav i så måte. Derifrå kom m.a. det unge paret **Priit Võigemast** og **Hele Kõre** som skal gi innslaget av vår kjærleik i kontrast til brutal krig. I masse-

opptrinna og slagscenene deltek det hundrevis av frivillige statistar.

Regissøren **Elmo Nüganen** er ein av dei fremste skodespelarane og teaterregissørane i Estland. Dette var filmdebuten hans som han absolutt klarte med glans. Teaterbakgrunnen hans merkar vi nok i mange av løysingane. Det er like gjerne eit pluss som eit minus. I alle fall hindrar det oss i å dra samanlikningar med hollywoodske krigsfilmar som *Namna på marmortavla* jo ikkje kan konkurrere med. Dette er eit nasjonalt dokument, retusjert i visse detaljar, overraskande tankevekkande i andre.

Filmen er på 95 minutt. Eit år etter premieren vil videoversjonen bli å få kjøpt. Etter to år kan estisk og finsk fjernsyn vise filmen. (kb)

Lilja 4-ever

Den svenske filmregissøren Lukas Moodysson skapte med *Lilja 4-ever* ein film som har gjort djupt inntrykk også på norske kinogjengarar. Var du klar over at delar av filmen er innspela i den estiske byen Paldiski? Det er ikkje nødvendig å utdupe dette. Når du ser filmen, vil du nok forstå kva som er Paldiski og kva som er Malmö.

For Paldiski var ikkje dette den første suksessen i kinosalane. Andrej Tarkovskij gjorde opptak til *Stalker* (1979) i det som den gongen var ein sovjetisk hamneby. Delar av Paldiski har ikkje forandra seg så mykje sidan den gongen. (kb)

Alt om min far

PÖFF står for Pimedate Ööde Filmifestival, dvs. Dei mørke netters filmfestival. Den blir arrangert i desember kvart år i Tallinn, og er eit viktig evenement på den lokale og den internasjonale festivalkalenderen. Kvar gong er det med fleire norske filmar, så der kunne t.d. president Arnold Rüütel og fru Ingrid Rüütel sjå *Hefstig og begeistret* og få ein smak av Noreg før statsbesøket. På siste festival var *Alt om min far* den opplevinga som kompletterte biletet av Noreg i estiske medvit. (kb)

Runesteiner forteller om forbindelser mellom Skandinavia og Estland

fra side 48

